

Vang kommune

ØKONOMIPLAN 2021-2024

ÅRSBUDSJETT 2021

Vedtatt i kommunestyret 17.desember 2020

Innhold

FØREORD	4
1 Visjon og overordna mål	5
2 Utviklingstrekk – berekraft og samskaping	6
3 Rammevilkår og budsjettføresetnader	10
4 Lokale budsjettføresetnader	11
5 Driftsbudsjettet 2021	12
6 Investeringsbudsjettet	13
6.1 Interkommunalt samarbeid	15
7 Politisk styring, administrasjon og fellesfunksjonar	16
7.1 Politisk styring.....	16
7.2 Kontroll og revisjon	16
7.3 Kommunedirektøren og stabsfunksjonar	16
7.4 IKT Valdres IKS	17
7.5 Systematisk internkontroll	17
8 Utdanning og kultur	18
8.1 Etatskontoret utdanning og kultur.....	18
8.2 Økonomisk driftsramme for 2021	19
8.3 Vang læringssenter	19
8.4 Vaksenopplæringa.....	20
8.5 Skulefritidsordning (SFO)	20
8.6 Gullringen bufellesskap	21
8.7 Vang folkebibliotek	22
8.8 Kulturforvaltning.....	23
8.9 Vang frivilligsentral	23
8.10 Vang barne- og ungdomsskule	24
8.11 Høre barnehage	26
8.12 Fredheim barnehage	27
8.13 Vang kulturskule	28
9 Helse og omsorg	29
9.1 Økonomisk driftsramme for 2021	29
9.2 Helsestasjon og skulehelseteneste	29
9.3 Anna forebyggjande helsearbeid.....	30
9.4 Diagnose , behandling og rehabilitering / habelitering	31
9.5 NAV og barnevern	32
9.6 Barnevernteneste	33
9.7.1 Helse -og omsorgstenester, institusjonslokale og bustader.....	34
9.7.2 Valdres lokalmedisinske senter (VLMS) – intermedisæravdeling.....	36
9.7.3 Korttidsavdeling og heimeteneste	36
9.8 Dagtilbod og demensteam	37
9.9 Velferdsteknologi	38
9.12 Bustader	41
9.13 Introduksjonsordninga	42
9.14 Kvalifiseringsordninga	43
9.15 Økonomisk sosialhjelp.....	43
9.16 Hjelp til eigen bustad	43

10	Landbruk og teknisk etat	44
10.1	Økonomisk driftsramme for 2021	44
10.3	Oppsummering -samla handlingsplan for 2021	46
10.4	Ansvar 400 kommunalsjef Landbruk og teknisk.....	49
10.13	Naturforvaltning	55
10.14	Miljøforvaltning og forureining	56
10.18	Kart og oppmåling	61
11	Konsesjonsavgift og anna kraft for vidaresal	62
12	Næringsutvikling	62
13	Innovangsjon SA	63
14	Bruk av næringsfond i drift	64
15	Skatt og rammetilskott	64
16	Hovudoversikter	65
	Driftsbudsjett 2020 pr. etat og verksemd	68

FØREORD

Økonomiplanen er det dokumentet som knyter dei langsiktige og overordna måla i kommuneplanen saman med dei konkrete val og prioriteringar ein planlegg å gjere dei neste fire åra. Gjennom økonomiplanen skal formannskap og kommunestyret prioritere dei midlane kommunen rår over på ein slik måte at lokalsamfunnet utviklar seg i retning av dei langsiktige måla.

§ 14 i kommunelova gjev føringar om at kommunestyret innan utgangen av året skal vedta årsbudsjett for komande kalenderår. Kommunestyret skal likeeins vedta ein rullerande økonomiplan som skal omfatte minst dei fire neste budsjettår.

Årsbudsjettet og økonomiplanen skal omfatte heile kommunen si verksemd, inndelt i eit driftsbudsjett og eit investeringsbudsjett. Det skal vera fastsett på realistisk grunnlag av forventa inntekter og utgifter og vise dekking for utgifter og oppgåver som er ført opp for kvart einskild år. Kommunestyret sine prioriteringar, og dei målsetjingar og premiss som årsbudsjettet byggjer på, skal koma tydeleg fram. Kommunestyret vedtek sjølv årsbudsjettet og endringar i dette på grunnlag av innstilling frå formannskapet.

Årsbudsjett og økonomiplan er samla i eitt felles dokument, der det første året i økonomiplanen gjeld som årsbudsjett for 2021.

Kapitelinndelinga av dokumentet er i forhold til overordna del og i samsvar med kommunen sin organisering.

Kommunestyret vedtek årsbudsjett og økonomiplan. Vedtaket blir gjort på grunnlag av innstilling frå formannskapet. Innstillinga, med dei forslag til vedtak som ligg føre skal offentleggjerast for allmenta i to veker før behandling i kommunestyret.

Vang, 26. november 2020

Erlend Haaverstad
Kommunedirektør

1 Visjon og overordna mål

Kommuneplan samfunnsdel 2015-2027

Vedteke av kommunestyret 18.12.2014, med heimel i lov om planlegging og byggesaksbehandling (pbl) av 27. juni 2008 nr. 71, kapittel 11

Det vises og til Kommunal planstrategi vedtatt 10.9.2020 :

Visjon

Vang kommune skal vera ein god kommune å bu og vekse opp i, med gode tenestetilbod og aktive lokalsamfunn der kultur, nærleik, tradisjonar, mangfald og samarbeid står i fokus. Innbyggjarar og tilreisande skal oppleve trivsel og ei kjensle av å høyre til. Vi skal vera aktive i høve til endringar i samfunnet, ta grep om eiga utvikling og ha tru på framtida.

Overordna mål

Vang kommune skal leggje til rette for god tenesteyting, service og informasjon, med fokus på nærleik til brukarane og forvaltning av felles ressursar. Kommunen skal arbeide aktivt for gode og varierte butilbod tilpassa vekslende behov, herunder byggjeklare bustadtomter i ulike delar av kommunen. Kommunen skal ha eit aktivt folkehelsearbeid med fokus på aktuelle utfordringar. Vang ynskjer å vera eit inkluderande lokalsamfunn der skilnader i høve til kjønn, etnisk tilhørsle, funksjonsnivå, utdanning og økonomi blir motverka. Vang har som mål å halde fram som eigen kommune.

Kommunen sin økonomi

Vang kommune skal:

- føre ein nøktern og realistisk økonomisk politikk bygd på langsiktig planlegging
- tilpasse driftsutgiftene til inntektene
- halde renteberande lånegjeld på eit lågt nivå
- nytte økonomiske verkemiddel i arbeidet med næringsutvikling
- arbeide for å behalde rettar og økonomiske ressursar knytt til kraftutbygging og kraftproduksjon

Politikarane må tidlegast mogeleg inn i budsjettprosessen.

Interkommunalt samarbeid, oppgåvefordeling

Vang kommune skal:

- delta aktivt i det interkommunale samarbeidet i Valdres

- vera positiv til samarbeid med andre kommunar og regionar
- vera positiv til å overta statlege og fylkeskommunale oppgåver
- samarbeide aktivt med frivillige og motivere til deltaking i frivillig arbeid, men vera tilbakehalden med å overta ansvaret for frivillige oppgåver.

Vang kommune som arbeidsgjevar

Vang kommune skal vera ein god, profesjonell og attraktiv arbeidsgjevar som kan rekruttere og behalde medarbeidarar, slik at kommunen kan halde fram med å yte tenester med høg kvalitet.

2 Utviklingstrekk – berekraft og samskaping

Samfunnsendringar nasjonalt og internasjonalt gjer seg også gjeldande i Vang.

Nasjonale forventningar til regional og kommunal samfunnsutvikling legg stor vekt på berekraft, både i forhold til økonomi, sosiale perspektiv og klima og miljø. Regjeringa trekker fram fire store utfordringar som kommunane skal leggje til grunn for sin planlegging:

- Å skape eit berekraftig velferdssamfunn
- Å skape eit økologisk berekraftig samfunn, mellom anna gjennom offensiv klimapolitikk og ein forsvarleg ressursforvaltning
- Å skape eit sosialt berekraftig samfunn
- Å skape eit trygt samfunn for alle

For å møte desse utfordringane, både globalt, nasjonalt, regionalt og lokalt, vil *berekraft* og *samskaping* stå sentralt.

til FN. For å møte vår tids største utfordringar har regjeringa stadfesta at desse berekraftsmåla skal leggjast til grunn for utforming av nasjonal, regional og lokal politikk og planlegging. I komande økonomiplanperiode vil det setjast auka fokus på prioritering og implementering av berekraftsmåla i kommunen sin politikk og planarbeid.






FN berekraftsmål

Auka materiell levestandard, auka utdanningsnivå, meir individualisme, auka krav og forventningar til offentlege tenester og til eigen arbeidsplass— er døme på generelle utviklings- trekk i samfunnet. I tillegg inneber aukande sentralisering og spesialisering særlege utfordringar for ein distriktskommune som Vang.

Aukande behov for – og forventningar til – ulike offentlege tenester skuldast også endra alderssamansetjing, flyttingar og etablering av nye typar tilbod. Dette gjeld ikkje minst for kommunesektoren, som har ansvar for sentrale velferdsoppgåver som barnehage, skule, primærhelseteneste, og omsorg for eldre og folk med nedsett funksjonsevne. Lov- og forskriftsreguleringar, øyremerking og ”lovnader” og ”signal” frå sentrale styresmakter – kombinert med stram kommuneøkonomi – bidreg til å auke utfordringane.

Samla sett fører dette til at lokaldemokratiet og oppgåvene for lokalpolitikarane i Vang også er i ferd med å skifte karakter. Frå å vera med på å vedta og iverksetje nye tilbod, er det i aukande grad spørsmål om å makte å behalde tenestetilbod som er bygd opp, og å måtte velja mellom ulike nedskjeringar. Samstundes er det nokre lyspunkt og positive utviklingstrekk i Vang, som kommunen må gripe og søke å utnytte best mogleg.

Gjennom historia har samspelet mellom ein kommune som lokal myndigheit og innbyggjarane vore i stor utvikling. Frå å vere eit ovanfrå og ned forhold med fokus på formalitetar, byråkrati og rett saksgang går utviklinga no i retning av tettare samarbeid mellom kommunen og dei ulike delane av lokalsamfunnet. Ein kommune med fokus på *samskaping* ser lokalsamfunnet som ein heilheit, søker å finne og nytte dei sterke ressursane som finns i samfunnet, leggje til rette, stimulere, fasilitere og støtte gode initiativ i samarbeid med innbyggjarane. Arbeidet med samskaping må naturlegvis vere tufta på dei overordna måla i kommuneplanen eller andre plandokument, og lovkrav til saksgang og rett forvaltning må framleis følgjast. Gjennom samskaping vil kommunen aktivt inkludere ulike delar av lokalsamfunnet for å definere dei måla ein i fellesskap skal jobbe mot. Dette blir ein viktig aktivitet dei neste åra, mellom anna i samband med rullering av kommuneplanens samfunnsdel.

SAMSKAPING			
	 Public administration Formynderkommune	 New public management Servicekommune	 New public governance Samskapingkommune
Kommunen er:	En myndighet	En organisasjon	Et lokalsamfunn
Kommunen møter innbyggerne som:	Undersåtter	Kunder	Ressurssterke og aktive samfunnsborgere
Politikerne fungerer ved å:	Behandle saker på formelle møter med formelle dagsordener	Sette mål og økonomiske rammer i dialog med fagfolk og kunder	Prege dagsorden og stimulere aktiviteten i lokalsamfunnet
Den gode medarbeider er faglig dyktig og er:	Opptatt av det korrekte og rettferdige	Serviceinnstilt	Opptatt av å finne ressursene hos alle, skape fellesskap, fasilitere og støtte

Utviklet med utgangspunkt i Eugene Guribye, Agderforskning. Mot «kommune 3.0»? FoU rapport 3/2016

Folketal


Vang kommune skal styrke arbeidet for å snu utviklinga med nedgang i folketalet.

Folketalsutvikling


Vang kommune har som mål å styrke arbeidet for å snu utviklinga med nedgang i folketalet.

SSBs befolkningsprognose stipulerer ei endring frå 1 578 innbyggjarar i 2020 til 1 819 i 2040 etter hovudalternativet. Tal personar i yrkesaktiv alder (20-66 år) per 80-åring endrar seg frå 11,2 i 2019 til 9,9 i 2025 og 6,0 i 2040. Landssnittet er på 14,5, 12,3 og 7,2 dei same åra.

	2020	2021	2022	2023	2024
åringer	9	12	12	12	12
Barnehage (1-5 år)	72	66	66	68	65
Grunnskole (6-15 år)	189	185	178	174	177
Videregående (16-19 år)	66	70	70	72	74
Voksne (20-66 år)	917	907	911	920	911
Eldre (67-79 år)	238	242	248	243	252
Eldre (80-89 år)	61	67	66	69	75
Eldre (90 år og eldre)	26	24	22	21	21
Total	1 578	1 573	1 573	1 579	1 587



Historiske hovudtal drift , resultat og netto lånegjeld (2019)



	Vang	Etneidal	Vestre Slidre	Sør-Aurdal	Øystre Slidre	Nord-Aurdal	Kostragruppe 06	Oppland (-2019)
■ Pleie og omsorg	25 537	20 084	18 696	17 875	19 539	20 209	21 325	18 989
■ Grunnskole	20 013	15 964	15 782	15 077	17 203	15 722	17 653	15 921
■ Barnehage	10 175	10 523	8 408	8 002	10 206	8 645	10 341	9 171
■ Adm, styring og fellesutgifter	6 082	5 835	5 639	5 649	5 079	4 554	7 651	5 123
■ Sosiale tjenester	3 030	4 195	3 836	3 026	3 322	2 853	3 230	2 712
■ Kommunehelse	4 837	4 386	4 824	3 590	2 992	3 260	3 469	3 199
■ Barnevern	1 360	2 696	2 446	3 403	3 454	2 852	2 241	2 523
■ Kultur og idrett	5 241	3 663	2 980	1 736	1 937	2 986	3 346	2 532
■ Plan, kulturminner, natur og nærmiljø	1 657	2 785	476	605	269	450	1 318	768
▶ Andre områder	-12 006	5 368	3 891	4 971	2 576	2 633	4 903	3 036
Totalt	65 925	75 499	66 977	63 933	66 577	64 163	75 477	63 973

Vang 2018 Vang 2019 Etneidal Vestre Slidre Sør-Aurdal Øystre Slidre Nord-Aurdal Kostragruppe 06 Oppland (-2019)

Økonomi

Brutto driftsinntekter i kroner per innbygger	140 604	147 754	124 522	118 964	115 820	109 501	117 491	142 644	95 253
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	-4,1 %	-1,3 %	-4,0 %	3,4 %	4,1 %	0,5 %	1,4 %	-2,0 %	-0,7 %
Brutto driftsutgifter i kroner per innbygger	146 398	149 736	129 501	114 884	111 049	108 950	115 848	145 534	95 925
Frie inntekter i kroner per innbygger	70 976	75 189	81 831	66 400	72 474	62 727	58 972	83 196	57 983
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	2,2 %	4,6 %	0,1 %	5,3 %	3,5 %	3,2 %	2,4 %	-0,5 %	0,6 %
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	100 683	106 710	55 981	60 356	95 466	104 345	86 314	107 778	82 241
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter	71,6 %	72,2 %	45,0 %	50,7 %	82,4 %	95,3 %	73,5 %	75,6 %	86,3 %

3 Rammevilkår og budsjettføresetnader

Statsbudsjettet 2021

Det økonomiske opplegget for kommunesektoren

For å setje kommunane i stand til å levere gode tenester både under og etter koronakrisa, foreslår regjeringa at kommunesektoren får ein vekst i frie inntekter på 2 milliardar kroner i 2021. Av veksten på 2,0 milliardar kroner foreslår regjeringa at 1,6 milliardar går til kommunane, medan 0,4 milliardar går til fylkeskommunane. Veksten er i samsvar med det som blei varsla i kommuneproposisjonen. I statsbudsjettet for 2021 foreslår regjeringa at kommunesektoren får eit særskilt tillegg på 1,9 milliardar kroner som kompensasjon for skattesvikt som følgje av koronakrisa i 2020.

Døme på moment som er omtala særskilt i forslaget til statsbudsjettet knytt til kommuneøkonomien :

- Auke i innslagspunktet for tilskotordninga for ressurskrevjande tenester med 46.000 kr til 1.430.000 kr. Det er foreslege ei tilskotsordning for mindre kommunar (under 3 000 innbyggjarar) med særlege høge utgifter til ressurskrevjande tenester med 30 mill. kroner av skjønnsramma.
-
- Det legges til rette for investeringstilskudd til 1 000 heildøgns omsorgsplasser
- Opptrappingsplan for rehabilitering
- Tilskudd til tilpasning og etablering av bolig (boligsosialt tilskudd
- Dagaktivitetstilbud for hjemmeboende personer med demens
- Opptrappingsplanen på rus

Øymerka tilskott

Regjeringa foreslår innlemming av ein rekke øymerka tilskott i rammetilskottet i 2021:

Korrigeringar for ekstraordinære løyvingar i samband med virusutbrotet
Statlege og private skular, endring i talet på elevar
Ny gjennomføringsløyvsning for prøvar og eksamenar
Inntektsgradert foreldrebetaling i SFO på 1.–2. trinn
Inntektsgradert foreldrebetaling i SFO på 3.–4. trinn
Gratis SFO for elevar med særskilde behov på 5.–7. trinn
Skjønstilskot til naturskade
Overføring av skatteoppkrevjing til Skatteetaten
Tilskot til fastlegar
Forsøk med statleg finansiering av omsorgstenesta
Tilskot til trus- og livssynssamfunn
Frivilligsentralar
Overføring av oppgåver på kulturminneområdet
Vidareføring av auka lærlingtilskot
Karriererettleiing til deltakarar i introduksjonsprogrammet

I tillegg til overordna måla viser samfunnsdelen av kommuneplanen til eigne mål for barn og ungdom, kultur og friluftsliv, universell utforming, langsiktige arealstrategiar, landbruk, næringsutvikling og sysselsetting, klima, energi og miljø, samfunnssikring og beredskap, og Vang kommune som arbeidsgjevar.

Den rullerande økonomiplanen i Vang kommune utgjør handlingsdelen av kommuneplanen. Det skal derfor vere ein klar samanheng mellom dei måla som er stadfesta i kommuneplanen og dei økonomiske disposisjonane i økonomiplanen.

Fylkesmannen sine kommentarar i *kommunebileter 2020* om kommunen sin økonomi

«Kommunen har hatt jamt gode driftsresultat over fleire år, men har planlagt lågt netto driftsresultat i 2020 og gjennom økonomiplanperioden. Kommunen har moderat gjeldsgrad og lav gjeldsbyrde. Lånegjelda har auka dei siste åra, men er likevel på eit greitt nivå i 2019. Kommunen har god likviditet og eit bra nivå på disposisjonsfondet. Kommunen vert vurdert til å ha god økonomisk handlefridom totalt sett, men planlagde netto driftsresultat framover vil kunne svekke handlingsrommet. Fleire eldre i befolkninga krev omstilling i kommunen for å kunne halde oppe økonomisk handlefridom.»

4 Lokale budsjettføresetnader

- Skatt på inntekt og formue er budsjettert med 45 mill kr og naturressursskatt på 6,6 mill kr i samsvar med forslag til statsbudsjett for 2021.
- Eigedomsskatt er sett til 6,1 mill. kr, som er same nivå som i 2020. Eigedomsskatten er under sterkt press med fleire forslag som kan gje vesentleg inntektstap i kategorien «verk og bruk» som Vang kommune skattlegg.
- Konesjonskraftgevinst er budsjettert med 7,5 mill. kr og fallerstatningar med 2,0 mill. kr.
- Renteinntekter for ansvarleg lån til Vang Energiverk: 700 000 kr som tidlegare. Eigarruttak/gevinst på kraftomsetnad frå energiverket: 8 mill. kr årleg og 0,2 mil kr frå Eidsiva Energi.
- Konesjonsavgifter: 24,2 mill. kr årleg.

- Det er lagt til grunn å nytte stor del av 22,2 mill. kr i næringsfond til tiltak som skal først i driftsrekneskapen for 2021 (jf. eiga oversikt).
- I økonomiplanen inngår investeringar for til saman 48,2 mill kr derav lånefinansiert med 42,7 mill kr .

5 Driftsbudsjettet 2021

Driftsbudsjettet for 2021 legg til grunn sum driftsinntekter på 227,6 mill kr og sum driftsutgifter på 239,5 mill kr (derav avskrivningar 16,2 mill kr)

Det er lagt til grunn utbytte på 8 mill frå Vang Energiverk og 0,3 mill frå Eidsiva Energi i driftsbudsjettet for 2021.

Budsjetterte renteutgifter på 4,2 mill og avdrag på 8 mill står i høve til eksisterande lånegjeld pr 2020 og nye låneoptak i 2021.

Driftsbudsjettet for 2021 legg til grunn eit positivt netto driftsresultat på 2,6 mill kr.

Konsesjonsavgifter på 24,2 mill er i sin heilheit avsett til næringsfond.

Av dette er det brukt inn att i drift 18,8 mill: finansiering av 3 mill i næringstilskott , 12,2 mill kr i renter og avdag, 3 mill -kr i tilskott til Vang kyrkjelege fellesråd samt 0,6 mill kr- til andre tiltak i drift. Det er i tillegg brukt 0,8 mill kr til finansiering i investeringsbudsjettet for 2021.

Sjølvkost Vatn og Avløp – prognose 2021

2021 prognose Etterkalkyle sjølvkost	Vann	Avløp	Totalt
Gebyrinntekter	3 960 000	4 650 000	8 610 000
Øvrige driftsinntekter	70 000	180 000	250 000
Driftsinntekter	4 030 000	4 830 000	8 860 000
Direkte driftsutgifter	2 781 000	3 249 000	6 030 000
Avskrivningskostnad	1 300 000	1 900 000	3 200 000
Kalkulatorisk rente (2,30 %)	750 000	950 000	1 700 000
Indirekte netto driftsutgifter	350 000	350 000	700 000
Driftskostnader	5 181 000	6 449 000	11 630 000
Resultat	-1 151 000	-1 619 000	-2 770 000
Sjølvkostgrad (%)	77,8 %	74,9 %	76,2 %
"Bidrag" til administrasjon og låneutgifter etter ev. subsidiering	-1 151 000	-1 619 000	-2 770 000
Sjølvkostfond 01.01	4 361 700	4 282 000	8 643 700
- Bruk av sjølvkostfond	-1 151 000	-1 619 000	-2 770 000
+ Kalkulert renteinntekt sjølvkostfond (2,30 %)	108 711	128 452	237 163
Sjølvkostfond 31.12 (inkl. rente)	3 319 411	2 791 452	6 110 863

6 Investeringsbudsjettet

Investeringsbudsjett for 2021 er gjort opp med brutto investeringsutgifter på 66,8 mill derav 31,2 mill til sjølvkostområdet vatn og avløp. Dette er føresett finansiert med 3 mill kr, spelemiddel, lånefinansiering 61,2 mill kr og bruk av næringsfond på 0,875 mill kr.

Investeringane er finansiert slik :

Finansiering / år	2021	2022	2023	2024
Brutto investeringsutgifter	66 820 000	27 375 000	23 275 000	16 275 000
Spelemiddel - ref VBU	-3 000 000			
Bruk av næringsfond	-875 000	-775 000	-775 000	-775 000
Tilskott for Riksantikvaren	-1 694 000			
Lånefinansiering	-61 251 000	-26 600 000	-22 500 000	-15 500 000
Sum finansiering	-66 820 000	-27 375 000	-23 275 000	-16 275 000

Utvikling lånegjeld i perioden 2020-2024

	avdrag	akk gjeld 2020	akk gjeld 2021	akk gjeld 2022	akk gjeld 2023	akk gjeld 2024
lån pr 2020	7 000 000	160 000 000	153 000 000	146 000 000	139 000 000	132 000 000
lån 2021	-1 750 029		-61 251 000	-59 500 971	-57 750 943	-56 000 914
Lån 2022	760 000			26 600 000	25 840 000	25 080 000
lån 2023	642 857				22 500 000	21 857 143
lån 2024	442 857					15 500 000
avdrag		-7 000 000	-5 249 971	-6 009 971	-6 652 829	-7 095 686
akk gjeld		153 000 000	86 499 029	107 089 057	122 936 229	131 340 543
<i>akk avdrag</i>		<i>7 000 000</i>	<i>5 249 971</i>	<i>6 009 971</i>	<i>6 652 829</i>	<i>6 652 829</i>
<i>rente</i>	<i>2,3 %</i>	<i>3 519 000</i>	<i>1 989 478</i>	<i>2 463 048</i>	<i>2 827 533</i>	<i>3 020 832</i>

Utviklinga i lånegjeld og utgifter til renter og avdrag har vore stigande i perioden frå 2014 fram til i dag. Utgifter til renter og avdrag har tatt meir plass i driftsbudsjettet i denne perioden. Utviklinga på finansutgiftene avhenger av omfanget og framdrifta av investeringane i perioden. Finansutgiftene knytt til investeringar innan VA blir dekkja inn i samband med sjølvkostrekneskapen så lenge VA-området går i overskott eller at kommunen har overskottsfond innan dette området.

Investeringsstiltak 2021-2024

Prosjektnr.	Prosjektnavn	2021	2022	2023	2024	2021-2024
110	KLP - Egenkapitalsinnskudd	775 000	775 000	775 000	775 000	3 100 000
128	Kjøp av aksjer i Løken gard	100 000				100 000
125	Startlån	500 000	500 000	500 000	500 000	2 000 000
42	Bil- nykjøp/-utrangeringsplan (Lund +IHT)	500 000	-	-		500 000
42	Lastebil - teknisk	1 500 000				1 500 000
220	Klukkanhaugen - bustader	550 000	5 000 000	7 000 000		12 550 000
35	Øyebakken - utviding kyrkjegard	2 600 000	-	-		2 600 000
275	Øyebakken- servicebygg med slukkevann	10 300 000	2 700 000	-		13 000 000
250	Digitalisering av arkiv	1 460 000	-	0		1 460 000
283	Heis Kommunehuset	1 600 000		-		1 600 000
284	Kommunehuset -ventilasjon, el tavle	2 700 000				2 700 000
293	AV-og inredning Kommunestyresalen	500 000				500 000
42	Traktor - Uteetaten	1 100 000		0		1 100 000
42	Transporter - Uteetaten		500 000	0		500 000
531	Klimasats	350 000		0		350 000
287	Ryfoss bustadfelt	9 000 000		-		9 000 000
288	Leikeapparatar - VBU	250 000		0		250 000
115	Prosjektor, lydanlegg og lerret til hallen	200 000		0		200 000
305	VBU låssystem	100 000				100 000
306	VBU -oppusteing av veg	500 000				500 000
307	Vangsheimen strøgruslager	500 000				500 000
316	Lund - asfaltering	200 000				200 000
297	IHT velferdsteknologi	285 000				285 000
		35 570 000	9 475 000	8 275 000	1 275 000	54 595 000
100	Nytt vassverk - Tyinkrysset	14 500 000	1 500 000	-		16 000 000
300	Vang vassverk - tilbygg osv		400 000			400 000
309	Ryfoss avløpsanlegg		1 500 000			1 500 000
310	Gudbrandslie -VA ledningsnett	1 000 000				1 000 000
311	Gudbrandslie ledning avløp	600 000				600 000
312	Åsvang ra -oppgradering		2 500 000			2 500 000
313	Vang sentrum - rammeplan VA	15 000 000	10 000 000	15 000 000	15 000 000	55 000 000
291	Rehabilitering av Grindaheim reinseanlegg	150 000	2 000 000	-		2 150 000
		31 250 000	17 900 000	15 000 000	15 000 000	79 150 000
	Brutto investeringsutgifter	66 820 000	27 375 000	23 275 000	16 275 000	133 745 000
	Finansiering :					
210	Tippemidler	3 000 000	-			3 000 000
275	Tilskott frå Riksantikvaren	1 694 000				1 694 000
110	Bruk av næringsfond	875 000	775 000	775 000	775 000	3 200 000
292	Bruk av lån	30 001 000	8 700 000	7 500 000	500 000	46 701 000
292	Lån VA	31 250 000	17 900 000	15 000 000	15 000 000	79 150 000
		66 820 000	27 375 000	23 275 000	16 275 000	133 745 000

6.1 Interkommunalt samarbeid

Vang kommune er deltakarkommune i interkommunalt samarbeid. Vertskommunar knytt til desse tiltaka er Nord-Aurdal, Vestre Slidre, Sør-Aurdal, Ringebu og Gjøvik kommunar. Driftsbudsjettet til Vang kommune er basert på budsjettforslag frå vertskommunane knytt til desse tiltaka.

Konto:			Budsjettforslag	Buds(end)	Regnskap
Funksjon	Ansvar	1350 Kjøp frå andre kommunar	frå vertskommune	2 020	2 019
232	319	Helsestasjon/skulehelseteneste	202 000	212 000	190 900
241	319	Diagnose/behandling/re-/habilitering	1 758 000	1 943 000	1 597 675
242	319	Kreftkoordinatpr	44 000	45 000	141 381
242	319	Råd/retteleiing/sosialt førebyggjande arbeid	1 266 000	1 190 000	1 196 280
281	307	Økonomisk sosialhjelp	1 440 000	1 440 000	1 533 111
253	329	VLMS intermed	1 491 000	1 605 000	1 273 725
256	300	Øyeblikkeleg hjelp - 2019			325 195
261	329	VLMS lokaler	462 000		424 575
243	319	Tilbod til personar med rusproblem	195 000	190 000	57 466
276	319	Kvalifiseringsordninga	487 000	464 000	92 997
		NAK HO	7 345 000	7 089 000	6 833 305
202	200	PP	800 000	897 000	769 787
		Sum NAK OKI	8 145 000	7 986 000	7 603 092
244	308	Barnevernteneste	1 654 000	1 630 000	1 565 103
241	319	Psykologiteneste	219 000		
		Sum VSK	1 873 000	1 630 000	1 565 103
244	308	Barnevernvakt	110 000		
242	319	Krisesenter	145 000	145 000	
242	319	Smiso	8 000		
		Andre teneste i vertskommunesamarbeid	263 000	145 000	-
		Sum	10 281 000	9 761 000	9 168 195

I tillegg til ovannemnde kjem utgifter til interkommunalt samarbeid mht innkjøp og forsikring.

7 Politisk styring, administrasjon og fellesfunksjonar

7.1 Politisk styring

Godtgjersle til folkevalde, representasjonsutgifter, partistøtte og valavvikling. Valdres natur- og kulturpark.

Mål og viktige planar

Ha eit tilpassa politisk apparat som kan ivareta lokaldemokratiet og fatte effektive avgjerder. Kommuneplanen, samfunns- og arealdel og planstrategi er overordna styringsdokument.

Budsjettkommentar

Ordførargodtgjersla i 2021 skal vere 75% av løn som stortingsrepresentant.

Godtgjersler og utgiftsdekning til andre folkevalde følgjer som en del av ordførargodtgjersla i samsvar med reglement vedteke i sak KS-068/98. Tilskot til dei folkevalde gruppene i kommunestyret er ført opp med 40 000 kr (uendra). 10 % av denne støtta blir gjevne som ein lik sum for kvar kommunestyregruppe og 90 pst. blir fordelt etter talet på medlemmer i kvar gruppe (KS-69/07).

7.2 Kontroll og revisjon

Frå og med 2021 er det det Revisjon Innlandet IKS som har oppdraget knytt til finansiell revisjon og forvaltingsrevisjon. Utgiftene blir fordelt etter medgått tid.

Med bakgrunn i Kontrollutvalet sitt forslag til budsjett for arbeidet med kontroll og tilsyn for 2021 er det lagt til grunn eitt samla utgiftsbudsjett på 830.000 som er ei auke på 317.000 kr i høve til budsjett 2020 og 111.000 kr auke i forhold til rekneskap for året 2020.

Av omsyn til kontrollutvalets rolle ovanfor kommunedirektøren må eventuelle spørsmål og krav om budsjettjusteringar komme frå formannskapet eller kommunestyret.

7.3 Kommunedirektøren og stabsfunksjonar

Sentraladministrasjonen består av kommunedirektør og stab. Stab sine funksjoner er relatert til stabs -og støttefunksjoner samt administrasjon av fellestenester i kommunen.

Valdreskommunane har felles innkjøpskoordinator med Sør-Aurdal som vertskommune.

Langsiktige mål

- God service til innbyggjarane.
- God ressursutnytting, planlegging og handling i tråd med økonomiske realitetar.

I sentraladministrasjon ligg det til saman 8,8 årsverk fordelt på 10 tilsette.

Stilling	årsverk	antal
Kommunedirektør	1	1
Stabsjef	1	1
Servicetorg	1	1
Personal	1	1
Arkiv/ Møtesekretær	1,6	2
Regnskap / løn	3,2	4
Sum	8,8	10

7.4 IKT Valdres IKS

IKT-systema blir drifta av IKT Valdres IKS, der kommunane eig 1/6 kvar. Selskapet kjøper sjølv inn nytt utstyr etter behov og fakturerer kommunane etter ny kostnadsdeling frå 2016 som vart fastsett av representantskapet i IKT Valdres IKS i møte 26.10.2015. Grunnlaget for fordeling er 3 element; kostnad per eining, driftskostnader og fellesutgifter.

Det er IKT V som i hovudsak kjøper inn og eig alt utstyr. Kommunane har dermed ikkje investeringsutgifter til utstyr, men får alle kostnadane i driftsrekneskapen.

IKT Valdres har ei kostnadsramme på 42,76 mill. kr i 2021, der Vang sin del utgjer 5,26 mill. eller 12,3%. Desse kostnadene blir delt på funksjon 120, administrasjon, og fleire andre funksjonar etter ein lokal fordelingsnøkkel.

7.5 Systematisk internkontroll

Kommunane skal ha internkontroll med risikovurdering, planlegging, organisering, opplæring, iverksetting av tiltak, rapportering og evaluering for å sikre at tenestene har tilstrekkeleg kvalitet og oppfyller gjeldande lovkrav.

Internkontroll i ein kommune er svært omfattande og arbeidskrevjande. Vang kommune har eit elektronisk system på området, Kvalitetslosen (Compilo). Det er lagt hovudvekt på å samle/oppdatere reglement, lovverk og rutinar, samt å melde inn og behandle avvik.

Prioriteringar i planperioden

- Arbeide med effektivisering av Vang kommune for å tilpasse utgifter til inntekter innanfor ein forsvarleg tenestekvalitet.
- Halde fram arbeidet med betring av systematisk internkontroll for den samla kommunale verksemda.

Vesentlege endringar frå 2020 til 2021 - Drift

Kontrollutval og revisjon (auke) 317 000 kr

Tiltak

Framsikt – digitalisering av økonomi/årsplan 150 000 kr

Tiltak som er med i økonomiplanen – Investering

Nytt inventar og AV/ IKT til møtesalane i kommunehuset 500 000 kr

Heis kommunehuset 1 600 000 kr

8 Utdanning og kultur

8.1 Etatskontoret utdanning og kultur

På etatskontoret arbeidar kommunalsjef i 100% stilling, etatsrådgjevar i 100% stilling, barnehagefagleg rådgjevar i 40% stilling og kulturfagleg rådgjevar i 40% stilling. I tillegg har Vang kommune eigen kommunelogoped i 20% stilling. I samband med budsjett 2021 er det lagt inn ei ny stilling på 100% vernepleiar, som skal nyttast i både skule og barnehage knytt til barn med særskilde behov. I 2021 er det berekna at kommunen mottok 2,2 millionar kr. knytt til barn frå mottaket som har barnehageplass.

Etatskontoret vil frå 2021 få ansvar for tilskot til fellesrådet.

Målsetjingar

- Etat for utdanning og kultur skal legge til rette for ei god utvikling for kvart enkelt barn i eit trygt og stimulerande miljø.
- Utdanningsinstitusjonane skal legge til rette for god kunnskapsformidling i samsvar med overordna nasjonale mål, lover, forskrifter og læreplanar.
- Etaten sine avdelingar skal legge til rette for at dei tilsette trivst og opplever personleg og fagleg utvikling.
- Etaten skal støtte opp om lokale tiltak og arrangement, legge til rette for lokale kulturytringar og stimulere til nyskaping.
- Etaten skal arbeide for best mogleg ressursutnytting innanfor tildelte budsjetttrammer.

Ansvarsområde

Grunnskule med skulefritidsordning, barnehage, læringscenter, EMA-bufellesskap, vaksenopplæring, PPT, kulturskule, frivilligsentral, bibliotek, allment kulturarbeid, kulturvern, barne- og ungdomsarbeid, kunstformidling, idrett og friluftsliv, samt natur- og kulturbasert reiseliv.

8.2 Økonomisk driftsramme for 2021

Etat: 2 Utdanning og Kultur		Budsjett 2021	Buds(end) 2020	Regnskap 2019
10	Løn og sosiale utgifter	55 510	53 955	52 615
11	Varer og tenester i eigen tenesteproduksjon	7 705	6 954	7 512
13	Tenester som erstattar eigen tenesteproduksjon	3 599	3 077	1 413
14	Overføringsutgifter	5 284	4 958	2 314
15	Finansutgifter	26	26	34
Sum utgifter		72 124	68 970	63 888
16	Salsinntekter	-3 173	-3 412	-3 018
17	Refusjonar (med krav til motyting)	-8 136	-7 297	-9 451
18	Overføringsinntekter (utan krav til motyting)	-5 616	-6 308	-8 786
19	Finansinntekter og finansieringstransaksjonar	-3 000	-20	-191
Sum inntekter		-19 925	-17 037	-21 446
Sum etat: 2		52 199	51 933	42 442

8.3 Vang læringscenter

Vang Læringscenter med flyktingteneste, undervisning av vaksne asylsøkjjarar, undervisning av busette flyktingar og vaksenopplæring held til på Lund og har 9 tilsette.

Opplæring etter Introduksjonsloven for vaksne innvandrarar (norskopplæring og introduksjonsprogram), samt grunnskule og spesialundervisning for vaksne etter opplæringslova. Læringscenteret sitt personale består av leiar i 60% stilling, 40% stilling som flyktingkonsulent og ca. 3,3 årsverk lærarar. Leiar har 20% undervisning tillagt stillinga.

Flyktingtenesta har ansvar for introduksjonsordninga og tilrettelegging og inntekter/utgifter knytt til introduksjonslova. Det inneheld busetting av flyktingar, norskopplæring (minimum 600t), språk – eller arbeidspraksis og integreringstiltak. Introduksjonsprogrammet kan vare inntil to år (introduksjonsperioden), med høve for eitt ekstra år. Flyktingtenesta har også medansvar for busette flyktingar i samarbeid med NAV og andre kommunale tenester i fem år (ansvarsperioden).

For asylsøkjjarar er norskopplæringa på 175 timer. Læringscenteret har også plikt til å undervise i norsk kultur og norske verdiar for den same gruppa.

Ny lov om integrering trer i kraft frå 1.januar 2021. For læringscenteret vil det bety endringar i program for dei busette vi eventuelt får i 2021.

Mål og viktige planar

- Legge grunnlaget for god integrering i det norske samfunnet.
- Lage gode, realistiske individuelle planar for dei busette som kan hjelpe dei vidare inn i arbeidslivet eller vidare utdanning.
- Sikre ei fagleg god undervisning med god kunnskapsformidling.
- Hjelpen den einskilde til ein meir meningsfull og aktiv kvardag.
- Buveiledning og veiledning rundt det å orientere seg i det norske samfunnet.
- Bidra til aktivt pedagogisk utviklingsarbeid saman med resten av tilbyderane i Valdres.
- Samarbeide med NAV om ein god overgang mellom skule og arbeid.

- Samarbeide med næringslivet i Vang og internt i Vang kommune om arbeidspraksis og språkpraksis som kan hjelpe deltakaren over i arbeid.
- Bruke læreplanen aktivt inn mot dei to årlege eksamenane vi tilbyr alle i Vang som manglar norskarakter. Dette er eit gratis tilbod.
- Kvalifisere flyktningar til aktiv deltaking i yrkes- og samfunnsliv i løpet av introduksjons- og ansvarsperioden i samarbeid med NAV.
- Bidra til busetjing i tråd med politiske vedtak.
- Økonomisk sjølvstende hjå deltakarane etter fullført introduksjonsprogram.
- Det krev eit godt samarbeid i arbeidet med å legge til rette for at busette flyktningar som er ferdig med introduksjonsprogrammet skal bli i Vang, få jobb og eit sosialt nettverk.

Vang læringsssenter har per i dag få deltakarar att på introduksjonsprogram. Frå januar 2021 vil vi tilby grunnskule for vaksne som ein del av introduksjonsprogrammet. Målet er grunnskule over 2 år. Dette vil gje deltakarane ein større moglegheit for å kome seg ut i vidare skulegang eller arbeid.

Vi har også færre asylsøkjjarar som får norskopplæring, som ein konsekvens av færre flyktningar til landet.

Desse to momenta vil prege det økonomiske bildet framover.

8.4 Vaksenopplæringa

Opplæring for vaksne etter opplæringslova 4a og spesialundervisning. Timer vert bestemt ut i frå individuelle behov. Totalt er det p.t. 1,03 årsverk fordelt på 66% lærar og resterande til assistent.

Mål og viktige planar

- Utarbeiding av gode, realistiske individuelle opplæringsplanar (IOP).
- Sikre ei fagleg god undervisning tilrettelagt til den enkelte brukar, med fokus på utvikling rundt språk, fysisk aktivitet, kommunikasjon, lesing og skriving.
- Sikre gode læringsmål for den enkelte.
- Hjelp den einskilde til ein meir meningsfull og aktiv kvardag.
- Bidra til aktivt pedagogisk utviklingsarbeid saman med resten av tilbyderane i Valdres.
- Samarbeid med PPT som skriv sakkyndige rapportar, og samarbeid rundt IOP.
- Jevnlege samarbeidsmøter med andre aktuelle instansar.
- Vaksenopplæringa har to ansatte, ein pedagog og ein assistent.

8.5 Skulefritidsordning (SFO)

Kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for 1.-4. årstrinn, og for barn med særskilte behov på 1.-7. årstrinn (opplæringslova § 13-7). SFO skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. Det blir i budsjettet 2021 lagt opp til ein vidareføring av drifta i skuleåret på same nivå som i 2020.

SFO-tilbodet i skuleferien er i inntil 6 veker om det er nok interesserte. IsSkuleåret 2020-21 blir det ikkje SFO-tilbod i skuleferien grunna liten påmelding. Gjeldande vedtekter har krav

om minst fire påmelde barn for at det blir eit SFO-tilbod, både for å gje eit godt sosialt tilbod, og for å dekkje noko av utgiftene gjennom brukarbetaling. I budsjettet for 2021 er det tatt høgde for at ein skal kunne tilby noko SFO i sommar- og haustferie 2021 om det er 4 eller fleire påmelde.

Frå 1. august 2020 er det fastsatt to moderasjonsordningar i SFO. Det gjeld ein inntektsavhengig ordning med redusert foreldrebetaling i SFO for hushald med elevar på 1. og 2. trinn og gratis SFO for elevar med særskilte behov på 5. og 7. trinn. Ordningane er regulert i forskrift til opplæringslova kapittel 1B om skulefritidsordninga. Det er ikkje forventa at dette får eit omfang som i særleg grad påverkar økonomien i Vang kommune sin SFO i 2021.

Mål og viktige planar

Kunnskapsdepartementet har under utarbeiding ein ny nasjonal rammeplan for SFO, som skal bidra til eit meir likeverdig tilbod i skulefritidsordninga i heile landet. Planen er at den sentrale rammeplanen blir gjeldande frå hausten 2021.

Vang kommune vil framleis satse på å ha ein årsplan for SFO- tilbodet på VBU. Der vil ein innarbeide eventuelle nye prinsipp frå sentral rammeplan og halde fram med gode mål ein har hatt for det lokale SFO-tilbodet tidlegare.

- Tilbodet på SFO skal vere variert med vekt på fri leik, fysisk aktivitet, friluftsliv og skapande kulturelle aktivitetar.
- Tilbodet på SFO skal fremje barna sin sosiale kompetanse gjennom leik basert på pedagogisk tenking.
- Tilbodet på SFO skal gi barna omsorg og tryggleik.
- SFO skal implementerast i Smart oppvekst-satsinga

8.6 Gullringen bufellesskap

Kommunestyret gjorde i 2015 vedtak om å opprette eit bufellesskap for mindreårige flyktningar. I sak KS-052/15 sto mellom anna:

Vang kommune busett einslege mindreårige born i bufellesskap i Gullringen. Det skal til ei kvar tid vera 6 born i bufellesskapet i perioda 2016-2019. Under skule- og kulturetaten ligg introduksjonssenteret , og ein ser fordelene av å legge bufellesskapet inn under denne avdelinga. Oppfylgingsansvaret av borna vert lagt til felles barnevern for kommunen.

Ein føresetnad er at tilskots - og -refusjonsordningane ikkje vert redusert frå dagens nivå.

Midlar til vidare drift er innarbeidd i budsjettet for 2021, og det samla statstilskotet til busetting av einslege mindreårige flyktningar sikrar full inndeckning av driftsutgiftene til bufellesskapet i Gullringen.

Bemanninga i bufellesskapet vart hausten 2020 redusert til oppfølging frå flyktningkonsulent i 60% og leiar i 40 %, fordelt på to kveldar i veka, og dagtid. Det vert sett inn vikarar i dei periodane der det er behov for meir oppfølging. Dette vil vidareførast i 2021.

Hausten 2020 er 1 beboar lærling i Vang, 5 er i vidaregåande opplæring. Tre bur på Gullringen, medan 3 bur på hyblar .

Kommunen har oppfølgingsansvar på 5 av gutane ut 2021, og 1 av gutane ut 2022. Om dei sjølv ønskjer vidare oppfølging har dei krav på ettervern frå barneverntenesta /Vang kommune til dei er fylt 23 år.

8.7 Vang folkebibliotek

Folkebibliotekene skal ha til oppgave å fremme opplysning, utdanning og annan kulturell virksomhet, gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre medier gratis til disposisjon for alle som bor i landet.

Folkebibliotekene skal være en uavhengig møteplass og arena for offentlig samtale og debatt.

(Folkebibliotekloven §1)

Mål og viktige planar for Vang folkebibliotek:

- Biblioteket skal formidle ulike kulturelle uttrykk med hovudvekt på litteratur. Vi skal gje innbyggjarane litteraturopplevingar og andre kulturopplevingar t.d. gjennom forfattarbesøk.
- Biblioteket skal vere ein sosial møteplass og eit lågterskeltilbod for alle som bur i kommunen. Slik kvardagen er no med smittevernreglar, er det enno viktigare enn før å legge til rette for dei uformelle, sosiale møteplassane, samstundes som vi har ein god kontroll på korleis publikum nyttar lokalet.
- Biblioteket skal vidareutvikle samarbeidet med barnehagane og bidra til auka leselyst og interesse for bøker ved å aktivt formidle litteratur i og til barnehagane. Bokleik for skulestartarane er eit viktig ledd i arbeidet med born.
- Biblioteket skal samarbeide aktivt med skulebiblioteket. Vi skal invitere kvart trinn frå 1.-10. trinn til forfattarbesøk eller andre arrangement, eller vere vert for litterære arrangement i den kulturelle skulesekken. Gjennomføringa av arrangementa, mtp samanslåing av trinn, blir gjort etter dei til einkvar tid gjeldande smittevernreglane. I Nasjonal bibliotekstrategi 2020-2023 blir det lagt vekt på formidling og samarbeid skule- og folkebibliotek. Vang folkebibliotek skal søke pengar frå Nasjonalbiblioteket på desse områda.
- Biblioteket skal fortsette å invitere born og unge til aktivitetar i haust- og vinterferiar.
- Biblioteket skal vere ein ressurs for studentane i kommunen. I samarbeid med høgskule- og universitetsbiblioteka gjev vi studentane tilgang til relevant litteratur. Bibliotektilsette skal auke sin kompetanse i litteratursøk, kjeldekritikk og kvalitetssikring av informasjon. Vi skal sjå på moglegheitene for eit regionalt samarbeid med dei andre Valdresbiblioteka.
- Biblioteket skal halde fram med depot frå Det flerspråklige bibliotek. Slik sørger vi for ei større breidde i litteraturtilbodet enn vi kan tilby gjennom eigen samling.
- Biblioteket skal halde fram med bokdepota *Bok i butikk* på Joker Filefjell og Joker Ryfoss. Jamleg vedlikehald av bokdepota gjev dei som ikkje kjem seg til biblioteket eit aktuelt utval bøker nær der dei bur.
- Biblioteket skal våren 2021 opprette Digihjelp, eit fast lågterskeltilbod der innbyggjarane får rettleiing i den digitale informasjonsverda og auka digital kompetanse. Ei av bibliotekets oppgåver er å fremje ytringsfridom og demokrati, her er digital kompetanse og kjeldekritikk viktige tiltak. Målgruppa er alle i kommunen som treng hjelp til å finne fram i t.d. offentleg informasjon. Frivilligsentralen og kommuneadministrasjon er samarbeidspartnarar i prosjektet, og blir med vidare i det påfølgjande permanente tilbodet. Førsetnadar for Digihjelp er at bibliotekets tilsette sjølv aukar sin digitale kompetanse og tryggleik på å formidle denne vidare. Vi er og avhengige av at det er to på jobb den tida tenesta er ope for publikum.
- Biblioteket, i samarbeid med kunstutvalet, står ansvarleg for den årlege Haustutstillinga. Prosjektet med å registrere og fotografere kunsten som finst i kommunalt eige skal ferdigstillast.

- Saman med frivilligsentralen og andre kulturaktørar i kommunen skal vi gje innbyggarane i Vang spanande kunst- og kulturopplevingar. Slik bidreg vi i arbeidet med å fremje integrering, bulyst og trivsel hjå nye og gamle vangsgjeldingar.
- Biblioteket skal vedlikehalde gode lokale samlingar og vere ein synleg medspelar i lokale nærings- og kulturtiltak. Vi skal samanfatte prosjektet med historiske bilete i Vang så langt, og legge ein plan for samlinga framover.
- Biblioteket og frivilligsentralen ynskjer å sjå på korleis vi kan gjere utbetringar på skillevegg/dør mellom galleri og lokalavdeling. Ei endring her vil kunne gjere lokalet betre utforma for arrangement med mange tilskodarar.
- Biblioteket skal ha ei lokalt tilpassa nettside som kan vise fram mangfaldet av aktivitetar, tilbod og tenester vi har. Dei digitale samlingane, t.d. samlinga med historiske bilete frå Vang, må få ei betre eksponering enn den har på nettsida i dag. Nettsida skal og vere ein inngangsportal til biblioteknorge sine digitale samlingar og andre kvalitetssikra kjelder.

Vang folkebibliotek vil verte skild ut frå ansvar 205 med eit eige ansvar frå 01.01.21.

8.8 Kulturforvaltning

Etaten har i budsjett 2021 lagt opp til eit budsjett på nivå med 2020. Viktige satsings- og fokusområder i 2021 vil vera vedlikehald og vidareutvikling av Kongevegen og turstinettet, vurdering og vedtak om tilskot etter gjeldande prioritering, planar og føringar, ungdomsarbeid gjennom ungdomsråd, ungdomsklubb, UKM, og støtte til mindre tiltak og arrangement for barn- og unge. Det er verdt å merke seg at arbeid knytt til barn- og unge er prioritert også gjennom budsjettet til øvrige avdelingar i etaten. Eigen økonomisk pott til ungdomsrådet er vidareført i 2021. Det er lagt opp til kinotilbod og framsyningar på lik line som i 2020. Når det gjeld kulturvern og faste tilskot til kulturlivet er nivået tilsvarande 2020 vidareført for 2021. Funksjon 277 og 385 er meint å bidra til kommunal kulturutvikling i regi av kulturnettverket i Vang, som består av biblioteksjef, dagleg leiar i frivilligsentralen, kulturskulerektor og kommunalsjef. Store delar av budsjettet under desse funksjonane vil gå til vår- og haustprogram på Vansgtunet. Det er verdt å merke seg at kyrkja i framlegg til budsjett for 2021 er lagt inn med eit driftstilskot på 3 millionar kr, og vil få eit eige ansvar under område 2 – etat for utdanning og kultur.

8.9 Vang frivilligsentral

Dagleg leiar er tilsett i 100% stilling, men vil frå 2021 arbeide 80% i ein 2-års periode. Sentralen vil av den grunn få ein medarbeidar tilsett i 20% stilling. Frå og med 2021 skal igjen statstilskotet øyremerkast frivilligsentralen.

Frivilligsentralen har eget styre. Hovudutval for levkår er årsmøte, og vedtek handlingsplan, årsmelding, innkomne framlegg samt val av styre og valkomité.

Mål og viktige planer

- Vere ein katalysator for frivillig verksemd i Vang
- Halde fram med lekseklubb, øvingskøyring, middagsservering på «Utsikten» og ei rekke andre tilbod og aktivitetar.
- Vere ein sosial møteplass på tvers av alder, bakgrunn og interesser.

- Faste opningstider der publikum kan sitte og lese, låne pc, scanne, printe og gjere andre ærend. Med utlånsautomat i biblioteket kan dei også låne bøker, sjølv om biblioteket ikkje er bemanna.
- Samarbeide med mellom anna biblioteket om å gje innbyggjarane i Vang spanande kulturopplevingar, kurs, foredrag m.m.
- Gjere utbetringar på skillevegg/dør mellom galleri og lokalavdeling, som betrar forholda når frivilligsentralen og biblioteket har mange publikummarar på arrangement.
- Grunna koronapandemien må bibliotek/frivilligsentral ha strengare kontroll på korleis publikum nyttar lokalet. Det er også viktigare enn nokon gong å legge til rette for uformelle sosiale møteplassar, i kontrollerte former.
- Vere ein støttespelar for frivillige lag og aktivitetar i kommunen
- Bidra med marknadsføring, rettleiing, rekruttering og annan støtte.
- Arrangere større arrangement i samarbeid med ulike aktørar – i den grad det let seg gjere innanfor gjeldande smittevernreglar.
- Auke det eksisterande tilbodet der det er behov
- Samarbeide med biblioteket om å få på plass eit tilbod om digihjelp for folk som har utfordringar med digitale verktøy.
- Utvikle god drift av BUA Vang, i samarbeid med fleire andre instansar.
- Vere ein synleg og påliteleg aktør for heile bygda

Hovudmålgrupper og satsingsområde

- Eldre og hjelpetrengande – tilbod som bidreg til at dei kan bu og trivast heime lenger.
- Asylsøkjjarar – integrering, aktivisering og informasjon.
- Tilflyttarar – tilbod som aukar bulyst og trivsel i kommunen.
- Barn og unge – tilbod som bidreg til at dei føler seg som ein del av eit fellesskap.
- Dei som av ulike grunnar fell utanfor dei etablerte frivillige aktivitetane – støtte opp om initiativ/vere pådrivar for dei som ynskjer å bidra.

8.10 Vang barne- og ungdomsskule

Mål og viktige planar

- Sikre eit fagleg godt grunnskuletilbod med god læring, i tråd med læreplanen og med vurderingsformer som fremmar læring.
- Alle elevar skal ha eit trygt og godt skulemiljø som fremmar helse, trivsel og læring.
- Skulen skal legge aktivt til rette for elevmedverking
- Legge til rette for gode overgangar barnehage – grunnskule – vidaregåande skule.
- Nytte nærmiljøet og lokalsamfunnet i undervisninga.
- Halde ved like/ styrke vektlegging av fysisk aktivitet.
- Legge til rette for godt samarbeid mellom heim – skule.
- Stimulere til aktivt pedagogisk utviklingsarbeid, med eit særskilt fokus på fagfornyninga og Smart oppvekst.
- Legge til rette for vidareutdanning av personalet for å dekke opplæringslova sine krav til kompetanse i undervisninga.

Personalsituasjonen og satsingsområde

Det er 28 lærarar i grunnskulen i Vang. I tillegg kjem skuleleiinga med stillingane til rektor og inspektør. Funksjon som sosialpedagogisk rådgjevar og utdannings- og yrkesrådgjevar inngår med ca. 23 % i ei av lærarstillingane.

Elles i grunnskulen er det 8 assistentar (7 av desse med fagbrev), 1 miljøarbeidar, 3 reinhaldarar, 1 sekretær og 1 bibliotekar. 8 av lærarane er seniorar over 57 år og frå denne alderen har dei rett på reduksjon i undervisningstid (sentral avtale). Seniortiltaka utgjer til saman 57,5 pst. stilling. Ved utlysing av lærarstillingar før skuleåret 2020-2021 var det ein svært stor søkermasse på 25 søkjarar, stort sett godt kvalifiserte. Det vart ikkje tilsett nokon eksterne søkjarar, då fleire dyktige lærarar allereie var tilsett i vikariat.

Lærardekninga i Vang er litt betre enn det nasjonale snittet, Ein har lykkast godt med tilpassa undervisning og har ein låg del elevar som får spesialundervisning. Dersom skulen skal kunne halde fram med ein låg del spesialundervisning, samtidig som ein skal kunne følgje fleirspråklege barn godt opp med god og tilrettelagt norskundervisning, må ein heile tida sjå på korleis ein nyttar ressursane på best mogleg vis. Elevtalet ved VBU har gått litt ned og ligg om lag på 185. Mange av elevane våre er minoritetsspråklege.

Utviklingsfokuset ligg på «SMART oppvekst» og implementering av ny læreplan. Ein «ressurslærar» ved skulen er i ferd med å fullføre «SMART-trenar-utdanning», og vi ynskjer å utdanne ein eller to til for å styrke satsinga. Målet med satsinga er at elevar og vaksne skal ha fokus på styrkar hjå seg sjølve og kvarandre, og bli meir robuste. Det er grunn til å tru at dette vil verke positivt på skule- og læringsmiljøet. Vang kommune er i samarbeid med Vestre Slidre kommune om kodeklubb i Ryfoss. Skulen får støtte frå «Skaparkraft Valdres» for å utvikle lærarar sin kompetanse i koding.

For å leggje til rette for endå betre trivsel og auka aktivitet i friminutta ser ein fram til ei utvikling av uteområdet med fleire leike- og aktivitetsapparat, gjennom investeringsmidlar i 2021.

Vi ser også fram til fullføring av storstova, Vangshallen, med lerret, projektor og lydanlegg. Dette vil vere til stor nytte ved framtidige foreldremøte etc, og sjølv sagt også andre samlingar i kommunen.

Skulebibliotek er lovfesta gjennom Opplæringslova §9-2: «Elevane skal ha tilgang til skulebibliotek. Departementet kan gi nærmare forskrifter.»

I Vang er skulebiblioteket lokalisert til Vang-barne og ungdomsskule. Skulebiblioteket samarbeider med folkebiblioteket der det er naturleg.

Vang barne- og ungdomsskule har som mål om å skape ein kultur for lesing. Her har skulebiblioteket ei sentral rolle, noko som er formulert slik i skulen sin leseplan:

Skulebiblioteket er ein viktig arena for litteraturutveksling og skal nyttast jamleg i opplæringa. Det settast opp ein timeplan som gir alle klassene fast lånetid på skulebiblioteket, slik sikrar ein også at elevane til ei kvar tid har ei bok tilgjengeleg, slik at elevane alltid har ei bok å lese i.

Skulebibliotekaren er ein del av skulens pedagogiske personale, og er ein pådrivar i fokuset på lesing. Bibliotekaren:

- samarbeider med lærarane om innhaldet i leseplanen.
- finn fram eigna litteratur under leseaksjonane.
- tek imot klassane når dei har bibliotektid.
- rettleier og tipsar elevar og lærarar for å finne rett bok, til rett elev, til rett tid.
- held bokpresentasjonar for elevar og for lærarar.

-
- har ansvar for bibliotekassistentane frå 6 og 7.klasse.
 - forvaltar skulebiblioteket sine ressursar slik at ein har godt utval av freistande, ny litteratur.
 - sørger for ei god organisering av boksamlinga.
 - formidlar betydning av lesing på foreldremøte i 1. , 4. og 7. klasse.

8.11 Høre barnehage

Mål og viktige planar

Barnehagen skal legge til rette for:

- God utvikling for kvart enkelt barn i eit trygt og stimulerande læringsmiljø der leiken står i sentrum
- Utvikle personalet gjennom vidareutdanning, kompetansetiltak og rettleiing av nyutdanna/nytilsette. Fortsette praksis med at gode føredragshaldarar kjem til Vang for å halde kurs for dei tilsette. Dette gjer at fleire kan delta
- Ernæringsmessig god mat i barnehagen. Barnehagane satsar lokale råvarer igjennom barnehageåret
- Arbeide med Smart oppvekst.
- Utviklingsarbeid – Smart foreldresamarbeid
- Arbeide for eit godt samarbeid mellom heim og barnehage.
- Utføre foreldreundersøking og ståtedsanalyse for barnehagen
- Arbeide for ein god overgang mellom barnehage, skule og SFO
- Nytte nærmiljøet og lokalsamfunnet
- Oppretthalde full barnehagedekning

Personalsituasjonen og satsingsområde

Per i dag er det 10 tilsette i Høre barnehage. Av desse er det styrar i 60% stilling, 3 pedagogar i 100 % stilling, 3 fagarbeidarar og 3 assistentar. Ein av assistentane er med i ordninga «fagbrev på jobb».

Målsettinga om full barnehagedekning i Vang er oppfylt dei siste åra. Høre barnehage har gode og romslege lokalar som har blitt godt brukt i Koronatider. Vang mottakssenter har alle «sine» born i Høre barnehage, og barnehagen har for tida 14 barn i frå 1 år til 5 år. Kommunen oppfyller ynskje om barnehageplass fortløpande, om det kan skje utan auke i driftsutgiftene. Hovudopptaket er om våren etter kunngjering i lokalavisa.

Smart oppvekst er ei satsing i Vang kommune. Høre barnehage har ein pedagog som tek «Smart utdanning» saman med ein pedagog i Fredheim og ein lærar ved Vang barne- og ungdomskule. Høre barnehage har i haust atbeida med «Drømmebarnehagen» og laga vårt vegkart for å finne ut kva barnehagen vil arbeide med. Tilsette har saman kome fram til at dei vil jobbe meir med foreldresamarbeid framover, av den grunn at barnehagen fekk gode score på foreldreundersøkinga i november i fjor. Barnehagen vil dykke djupare ned i materien og finne ut kvifor me fekk så god score, og kva me skal gjere for å oppretthalde det gode samarbeidet. Barnehagen har fått tilbakemeldingar om at foreldre ynskjer å lære meir om styrkespotting i heimen, og dette vil være eitt av fokusa Høre barnehage vil arbeide med til neste foreldremøte.

Regjeringa føreslår at maksimalprisen for eit ordinært heiltidstilbod i 2021 aukar med 95 kroner, frå dagens 3.135 kroner per måned til 3230 kroner per måned frå 1. januar 2021.

8.12 Fredheim barnehage

Fredheim barnehage ligg i sentrum av Vang med gangavstand til biblioteket, kommunehuset, Vang barne- og ungdomskule og Vangshallen.

Barnehagen har to avdelingar. Grindagjengen med stor avdeling, har 31 barn i alderen 3-6 år frå august 2020. Hugagløyten med minste avdeling, har 16 barn i alderen 1-3 år. Fredheim barnehage legg opp til turar i nærmiljøet, til uteområdet på Åsvang i vinterhalvåret.

Barnehagen skal legge til rette for:

- God utvikling for kvart enkelt barn i eit trygt og stimulerande læringsmiljø der leiken står i sentrum.
- Utvikle personalet gjennom vidareutdanning, kompetansetiltak og rettleiing av nyutdanna/nytilsette. Fortsette praksis med at gode føredragshaldarar kjem til Vang for å halde kurs for dei tilsette. Dette gjer at fleire kan delta.
- Ernæringsmessig god mat i barnehagen. Barnehagane satsar lokale råvarer igjennom barnehageåret. Matprisen vert auka 1.januar 2020. Arbeide med Smart oppvekst.
- Utdanne to «Smart trenarar», ein i Høre og ein Fredheim barnehage.
- Arbeide for eit godt samarbeid mellom heim og barnehage.
- Arbeide for ein god overgang mellom barnehage, skule og SFO.
- Nytte nærmiljøet og lokalsamfunnet.

Personalsituasjonen og satsingsområde

Fredheim barnehage har styrar i 100% stilling, 6 årsverk til pedagog, og 7,2 årsverk til fagarbeidar/assistent. I budsjett 2021 er det lagt inn ei markant auke i lønsutgifter. Bakgrunnen er ein stor del barn i barnehagen med spesialpedagogiske vedtak med behov for omfattande ressursar i form av spesialpedagog og vernepleiar. Dette er eit høgt tal i høve til det totale barnetalet i barnehagen, og gir store utslag økonomisk. Fire vedtak er fatta med bakgrunn i sakkyndig vurdering frå PPT. Eit barn til er under utredning med ein førebels ressurs. I Fredheim barnehage er det oppretta eit spesialteam som legg til rette for og gjennomfører spesialpedagogiske vedtak.

Fredheim barnehage har eit stimulerande utviklande miljø for alle barna. Dokumentasjon på arbeidet med eit godt læringsmiljø er fastsett i årsplanen, rammeplanen, månadsplaner og pedagogiske rapportar.

Hovudsatsinga innan kompetanse og utvikling er lagt til «Smartoppvekst». Felles kursdagar og planleggingsdagar er ein effektiv, god og utviklande tilrettelegging for felles kompetanseheving innan oppvekst. I heile oppvekstetaten er det gledeleg å sjå den gode utviklinga innan Smartoppvekst satsinga. Kurs og planleggingsdagar har vorte gjennomført med vellykka resultat. Smartoppvekst prosjektet har vorte presentert i kommunestyret og i foreldremøter. Me har faste møtepunkt med Smartoppvekst som sak på leiarmøtene i oppvekstetaten ein gong i månaden, på alle personalmøta i barnehagen, på felles personalmøte og i pedagogmøter. Fredheim barnehage har ein tilsett ped.leiar i

trenarutdanning. I det heile er det svært gode og gledelege attendemeldingar frå utdanninga. Trenarane får særskilde oppgåver i høve til utviklingsarbeidet i den enkelte avdeling.

Fredheim barnehage har stort fokus på sunn mat i barnehagen. Barna får eit brødmåltid, frukt og mjølk kvar dag. Dei får eit varmmåltid kvar fredag med mat som er laga av sunne norske rådvarar frå botn av.

Tilsette, barn og foreldre vil stå saman om deltaking, støtte og tillit som gjev tru på egne krefter, livsmeisting og god helse. «Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barnas behov for omsorg, leik, fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling (barnehageloven § 1).»

Me har eit felles ansvar for barna sin trivsel og utvikling. Det daglege samarbeidet mellom heimen og barnehagen bygger på gjensidig openheit og tillit. Samarbeidet med foreldre vil vera bygd opp gjennom dagleg kontakt, informasjon i MyKid- dataprogram, foreldresamtalar og foreldremøter. Me styrker samarbeidet med gjensidig anerkjening, forståing og respekt. Barnehagane og skulen har ein eigen plan med årshjul for faste oppfølgingsmøter gjennom året, noko som vil halde fram i 2021.

Av uforutsette utgifter i framlegg til budsjett for 2021, er ein eldre oppvaskemaskin. Denne er ikkje lagt inn i budsjettet, men kan føre til ein ekstrakostnad på ca. 30.000,- om den skulle ryke.

8.13 Vang kulturskule

Kulturskulen sitt personale består av rektor i 60% stilling, og ca. 1,6 årsverk lærarar. Rektor har 20% undervising tillagt stillinga. Vang kulturskule deltek i eit samarbeid med dei andre kulturskulane i Valdres om kjøp og sal av tenester, og har av den grunn fleire lærarar som underviser i Vang men som har tilsettinga si i ein annan kommune.

Mål og viktige planar

- Praktisk og teoretisk opplæring i ulike kulturaktivitetar.
- Undervise i tråd med rammeplan for kulturskulen «Mangfald og fordjuping».

Kulturskulen held til i flotte lokalar tilknytta VBU og Vangshallen. I økonomiplanen er det lagt inn forventa stabil elevsøknad, og det er lagt opp til same ramme for årsverk som i 2020.

Kulturskulen skal vera eit senter for kulturtilbod for bebuarane i Vang kommune. Innan musikk vil kulturskulen bidra til å ta vare på dei historiske tilknytingar Vang har i forhold til folkemusikk, samtidig som ein óg tek vare på det klassiske og rytmiske uttrykket i musikken. Kulturskulen vil legge til rette for tilbod innan dans, teater, teikning og foto. Skulen har som mål å tilby dirigenttenester til kor og korps i kommunen, og vil i 2021 oppretthalde dagens nivå på tilbodet til kor og korps på dette feltet.

Eventuelle nye aktivitetstilbod må gjennomførast innanfor gjeldande budsjetteramme. Truleg på grunn av situasjonen med Korona, så er elevsøknaden noko mindre for skuleåret 2020/2021. Det er Vang kulturskule sitt mål å vera tilbake til «normal» drift i skuleåret 2021/2022. Brukarbetalinga blir auka med 3,6 pst.

9 Helse og omsorg

Overordna mål:

Vang kommune skal ta omsyn til fokehelseperspektivet i planlegging, utbygging og drift. Kommunen skal samarbeide med frivillige organisasjonar der det er aktuelt, for å bidra til gode sosiale og miljømessige tilhøve. Innbyggjarane skal vere medvitne om ansvaret sitt for å ta vare på eiga helse.

I følgje folkehelselova skal kommunen leggje folkehelseperspektivet til grunn i heile verksemda si. Føremålet med lova er å bidra til ei samfunnsutvikling som fremjar folkehelse, deriblant utjamning av sosiale helseskilnader. Folkehelsearbeidet skal fremje helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige tilhøve og bidra til å førebyggje psykisk og somatisk sjukdom, skade og liding. Det er m.a. krav til skriftleg oversyn over helsetilstanden, aktivt og sektorovergripande førebyggjande arbeid og krav til samhandling mellom kommunen og helseføretaket og ev. andre kommunar for å løyse ulike oppgåver.

9.1 Økonomisk driftsramme for 2021

Etat: 3 Helse og omsorg		Budsjett 2021	Buds(end) 2020	Regnskap 2019
10	Løn og sosiale utgifter	67 335	68 788	65 089
11	Varer og tenester i eigen tenesteproduksjon	6 532	8 288	8 921
13	Tenester som erstattar eigen tenesteproduksjon	15 418	14 989	14 254
14	Overføringsutgifter	1 404	1 594	1 195
15	Finansutgifter	10	10	30
Sum utgifter		90 699	93 669	89 488
16	Salsinntekter	-5 793	-6 125	-6 382
17	Refusjonar (med krav til motyting)	-11 582	-11 059	-12 790
18	Overføringsinntekter (utan krav til motyting)	-780	-690	-788
19	Finansinntekter og finansieringstransaksjonar	-22	-22	-148
Sum inntekter		-18 177	-17 896	-20 108
Sum etat: 3 Helse og omsorg		72 522	75 773	69 380

9.2 Helsestasjon og skulehelseteneste

Helsestasjon, skulehelseteneste, interkommunal jordmorteneste, svangerskapskontroll og barselomsorg.

Mål og viktige planar

- Individretta sjukdomsførebyggjande arbeid, spesielt relatert til livsstil, m.a. rusmisbruk
- Oppretthalde fokus på godt fysisk og psykososialt oppvekstmiljø for barn og unge
- Spesiell merksemd på unge med psykososiale vanskar

- Jordmortenesten (interkommunal) er vidareført uendra, men Vang sin andel er likevel redusert med kr. – 22 000,- i 2020.
- Helserådgjevar ved Valdres vgs. vart styrka frå 80 til 100% stilling skuleåret 2016/2017 finansiert av midlar frå «Tilskudd til skolehelsetjenesten i vidaregåande skole, statsbudsjettet 2016 kap. 762, post 60». Prosjektet blir ikkje vidareført i 2020. Kommunen sitt tilskott til skolehelsetenesta ved Valdres vidaregåande skule er vidareført med kr. 25 000,-
- Helsestasjon og skolehelsetenesta jobbar systematisk med å førebygge fysiske og psykiske plager og sjukdom. Dette er eit vesentleg bidrag i det totale folkehelsearbeidet til befolkninga. Det blir jobba direkte med barn og unge og med foreldregruppa.

Her inngår 1,5 helsesystemstilling, 1,1 årsverk sjukepleiar på asylmottaket, tilskot til interkommunal jordmorteneste og helserådgjevar ved Valdres vidaregåande skule. I 2020 vart det søkt midlar frå Helsedirektoratets tilskottsordning "Styrking- og utvikling av helsestasjons- og skolehelsetjenesten". Dette for å styrke helsesjukepleiarstillinga i skolehelseteneste med 10% og sette i gang eit eget prosjektarbeid med mål om å styrke helsevanene hos ungdom. 30% av prosjektmidlane er satt til frisklivsrettleiarstillinga, da frisklivsrettleiar fungerer som koordinator for prosjektet. Prosjektet er i ein startfase og kommunen vil søke ubrukte midlar vidareført til 2021. Kommunen søker og nye midlar, som nå skal delast ut for ein treårsperiode. Totalt innvilga midlar til 2020 var: 450 000,-

9.3 Anna forebyggjande helsearbeid

Oversyn og planlegging etter folkehelselova, miljøretta helsevern, smittevern og ulike folkehelseiltak.

Mål og viktige planar

- Folkehelseaspektet skal vurderast ved all kommunal aktivitet og planarbeid.
- Auke interessa for livsstil i befolkninga, spesielt fysisk aktivitet
- Jobbe aktivt for å få fremje psykisk helse og livskvalitet gjennom regjeringa sitt 10-årige folkehelseprogram.
- Oppdatert oversyn over folkehelsa.
- Rullering av folkehelseoversikt og folkehelseplan i 2018 – 2019 jf planstrategien. Folkehelseoversikten vert framlagt for kommunestyret på nyåret 2020
- Tilsetjing av ny frisklivsrettleiar

Stillingar:

- 0,2 kommuneoverlegestilling
- 0,2 stilling folkehelsekoordinator.
- 0,4 stilling frisklivsrettleiar

Det er mange folkehelseiltak i Vang kommune både i kommunal og frivillig regi. Skulen har m.a. eit omfattande FYSAK opplegg, av elevane kalla AV- trim. (omtala under skule)

Ei av folkehelsekoordinator sine viktige oppgåver er å medverke til at folkehelseperspektivet blir vurdert og teke omsyn til i alle planar og kommunal verksemd. Bidrag i planarbeid er ei viktig oppgåve, mellom anna revidering av kommunal folkehelseoversikt som skal rullerast kvart fjerde år.

Folkehelsekoordinator og frisklivsrettleiar er aktive til å søkje midlar til aktuelle tiltak innan folkehelse og friskliv. Oppfølging av Vang aktivitetspark.

Folkehelsekoordinator er støttespelar i Smart Oppvekst – eit tverrfagleg folkehelseprogram som blir gjennomført i barnehage og skule, men som m.a. involverer psykisk helseteneste, helsesjukepleiartenesta og folkehelsekoordinator.

Frisklivsrettleiar har individuell oppfølging og gruppetilbod. Samarbeidar med treningssenter i kommunen, for brukarar ved Frisklivssentralen. Arrangerer kurs om td. diabetes og Bra Mat. Dette blir vidareført i 2020. Har mellom anna også planar om å arrangere livsmeistringskurs for personar med kronisk sjukdom.

Vang kommune har ei aktivitetsordning for sine tilsette. Det er sett av 36 000 kr i velferdsmidlar til påskjønning/premiering.

9.4 Diagnose , behandling og rehabilitering / habelitering

Legeteneste, interkommunal legevakt, naudnett, fysioterapi, ergoterapi med formidling av hjelpemiddel, psykiatrisk sjukepleieteneste, Valdres lokalmedisinske senter, betaling for medisinsk behandling i utlandet og tilskott til Norsk Pasientskadeerstatning.

Mål og viktige planar

- Bidra til heilskapleg behandlingsskjede for personar med psykiske og andre sjukdommar, i nært samarbeid med sjukehusa og ev. andre kommunar
- Fremje brukarmedverknad
- Oppretthalde noverande tenestenivå.
- Rullere plan for habilitering og rehabilitering – ansvar Koordinerande Eining (KE).
- Legekontoret: Vidareført med ei lita endring hjelpepersonell
- Fysioterapeut: Budsjettert med driftstilskott 100% og 100% stilling for kommunefysioterapeut.

Plan for habilitering og rehabilitering i kommunene, samt oppstart av Hverdagsrehabilitering i Vang kommune, krev auka innsats i pleie- og omsorg. Det er ikkje budsjettert med auka bemanning.

- Valdres legevakt: Det er lagt inn ei auke i overlegefunksjonen frå 16% til 30% med ei samla utgiftsauke på kr. 150 000,- frå 2019 til 2021 og tilsvarande frå 2021 til 2023.
- Kommunepsykolog: Vang, Vestre Slidre og Øystre Slidre har samarbeid om kommunepsykolog. Dette er lovpålagt frå 2020. Samla kostnad er rekna til om lag kr 880 000,- i 2020. Vang sin andel er budsjettert med kr. 220 000,-.
- Psykisk helseteneste: Mindre auke i ein av stillingane etter langvarig, midlertidig avtale. Her blir 10% av dei ubrukte lønnsmidlar til sjukepleier i mottaket ført inn.
- Psykisk helseteneste har stadig aukande kompetansebehov, og innføring av pakkeforløpa for rus- og psykiatri vil også krevje meir frå primærhelsetenesta i dei kommande åra. Ein tilsett er i gang med vidareutdanning i Kognitiv terapi.

Stillingar

- Lege 2,5 stillingar (inkl. legeteneste på Vangsheimen, helsestasjon og skulehelseteneste).

-
- Hjelpepersonell legekantoret 2,10 stillingar.
 - Fysioterapeut 1,0 stilling+ driftstilskott tilsvarande 1 årsverk for privatpraktiserande.
 - Psykiatrisk sjukepleiar 2,4 stillingar.
 - Ergoterapeut 0,8 stilling.
 - Kommunepsykolog 1,0 stilling (samarbeid med Øystre- og Vestre – Slidre).
 - Frisklivsrettleiar 0,4 stilling

9.5 NAV og barnevern

Råd , rettleiing og sosialt forebyggjande arbeid

NAV, sosialt førebyggjande arbeid (m.a. rusmiddelarbeid og skjenkeløyve/-kontroll), Hønefoss krisesenter (for kvinner og menn) og Nok.Gjøvik.lks (Støttesenter mot incest og seksuelle overgrep).

NAV Valdres er eit administrativt vertskommunesamarbeid med overføring av mynde til Nord-Aurdal som vertskommune, jf. kommunelova § 20. NAV er samlokalisert på Fagernes.

Driftsbudsjett og økonomiplan for NAV Valdres blir vedteke av vertskommunen, og stønadsbudsjett og deltakarkommunane sine løyvingar til NAV Valdres blir behandla i den enskilde deltakarkommune.

Budsjettet for NAV Valdres består av eitt «kontorbudsjett». I tillegg er det eitt tiltaksbudsjett for kvar kommune. Det er redusert inntekt frå staten som ikkje blir vidareført: kr. 680 000,- Det er ingen endringar i tiltaksbudsjetta.

Rusteamet i NAV blir avvikla. Ressursane overført til eit FACT-team (Flexibel assertive community treatment). NAV har framleis sjølvstendig ansvar overfor personar med rusproblem.

Førebyggjande team i Vang (tidl. Rusgruppa) skal styrke kompetansen og samordne ressursar blant lærarar, helse- og sosialpersonell, politi, kulturarbeidarar, frivillige organisasjonar og andre. Gruppa skal følgje opp arbeidet med å nå dei ruspolitiske måla, og ta initiativ og setje i verk tiltak som følgjer handlingsplan. Det er budsjettet kr. 15 000,- til førebyggjande team.

Tilbod til personer med rusproblem

Tiltak for rusmiddelmissbrukarar, m.a. institusjonsopphald, behandlingstiltak for rusmissbrukarar og ettervern.

Sosialtenesta og helsesyster har ansvar for at gravide rusmissbrukarar får rett behandling. Også innan psykisk helsevern er dette ei viktig oppgåve.

For NAV Valdres er rusteamet avvikla. 2 årsverk er overført frå NAV til nytt interkommunalt tiltak, FACT-team. Budsjetteknisk blir endringa gjennomført seinare i prosessen. Overføringa skal ikkje medføre høgare kostnader for samarbeidskommunane.

FACT-team er eit samarbeid mellom kommunehelsetenesten, NAV- arbeid og spesialisthelsetjenesten. FACT-teamet skal arbeide med oppfølging og behandling av personar med rus og/eller psykiske lidelsar. FACT-Valdres startar opp 01.01.2020.

Nord-Aurdal kommune har arbeidsgjveransvaret for to heile fagstillingar som kommunehelsetenesten skal bidra med inn i FACT-teamet. Desse stillingane blir oppretta

ved overføring av to årsverk frå rusteamet i NAV, og medfører ingen ekstrautgift for kommunane. I tillegg blir det tilsett ein brukarspesialist i 40 % stilling, med Nord-Aurdal kommune som arbeidsgjevar. Stillinga som brukarspesialist er heilfinansiert av prosjektmidlar frå Fylkesmannen i Innlandet.

Øvrige medlem i FACT-teamet blir tilsett i Sykehuset Innlandet. Sykehuset Innlandet er ansvarlege for drifta av heile FACT-teamet jamfør eiga samarbeidsavtale.

9.6 Barnevernteneste

Sentrale føringar og utviklingstrekk

Felles barnevernteneste for Vang og Vestre Slidre jobbar etter lov om barneverntenester. Hovudoppgåva er å sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid.

Det har over fleire år vore ei statleg styrking av kommunale barnevernstenester, som har gått på stillingar. Vår teneste mottek statleg tilskot på ei stilling, dette utgjer ca kr. 700.000, det er pr. no ikkje kome signal om at dette ikkje skal halde fram i 2021.

Barneverntiltak når barnet ikkje er plassert av barnevernet

Hjelpetiltak, plassar i senter for barn og familiar og tiltaksstillingar i barneverntenesta.

Her vil alle hjelpetiltak for barn som bur heime bli belasta. Her ønsker vi å ha ei så brei tiltaksvifte som mogleg i eiga teneste. Vi skiller i hovudsak mellom endringstiltak og kompensierende tiltak. Det vanlegast endringstiltaket er råd og rettleiing til foreldre. Dette blir i hovudsak utført av eigne barnevernkonsulentar, men kan og vera kjøp av tiltak eller innleige av eksterne rettleiarar.

Vi har og ein del oppdragstakarar lokalt som jobbar med endringsorienterte tiltak i heimane. t.d. heimkonsulentar, miljøarbeidarar.

Når det gjeld kompensierende tiltak er avlastning eit ofte nytta tiltak, støttekontakt og miljøarbeidar kan og bli nytta som kompensierende tiltak.

Barneverntiltak når barnet er plassert av barnevernet

Fosterheim, akutt plasseringar, institusjon, bufelleskap, hjelpetiltak i tillegg til plassering, tilsynsførar i fosterheim.

Her vert alle kostnader til plasseringar i fosterheim og institusjon samt ettervern for dei som har vore plasserte belasta.

Dette kan vera både frivillige plasseringar og plasseringar der kommunen har tatt over omsorgen. Som ettervern kan både fosterheim eller forsterka hybel vera tiltak.

Barn i fosterheim har oftast avlastning i tillegg. Det kan og vera behov for andre hjelpetiltak for dei som er plasserte, slik som t.d. støttekontakt, råd og rettleiing, desse tiltaka vil da bli kostnadsført på funksjon 252.

Oppsummering

Område reduserar rammene med 1 739 000 kroner (-10,8%), tilt totalt 7 781 000 kroner. Dette er knytt til at 5 av 6 bebuarar på bofelleskapet for einslege mindreårige flytter på hybel.

Dette reduserar tilsettingsbehovet dramatisk. Total reduserar bufelleskapet budsjettet med 1 563 000 (28,7%). Det er og avslutta kjøp av institusjonsplasser som reduserar utgiftene med ytterligare 845 000 kroner.

9.7 Pleie og omsorg

9.7.1 Helse -og omsorgstenester, institusjonslokale og bustader

Overordna målsetjingar

Utvikle gode og bærekraftige helse- og omsorgstenester ved å utforme nye løysingar. Dette handlar om å ta i bruk dei samla omsorgsressursane i samfunnet, ny teknologi, nye faglege metodar.

Naudsynte og forsvarlege helse- og omsorgstenester av god kvalitet, på rett nivå, tilpassa brukarane sine individuelle behov innanfor vedtekne rammer.

Differensierte bustad- og institusjonstilbod med god fagleg kvalitet.

Aktiv alderdom trass i fysiske og psykiske plagar.

Brukarmedverknad og personlege val i den daglege omsorga.

God ressursutnytting med tenleg fordeling mellom administrative og tenesteytande oppgåver.

Vangsheimen langtid

Brukarretta oppgåver i samband med helse- og omsorgstenester i institusjon med 16 langtidsopphald, kjøkken, vaskeri, aktivtør mv, medisinske forbruksvarer, tekniske hjelpemidlar, inventar og utstyr, administrasjon/leiing, opphaldsbetaling og betaling for utskrivingsklare sjukehuspasientar.

Mål og viktige planar

- Langtidsopphald med god fagleg kvalitet. Fokus på «leve hele livet» med fysiske og kognitive avgrensingar i institusjon.
- Rekruttere og behalde kvalifisert personale. Jobbe for større stillingar. Prøve ut lange vakter på helg i samarbeid med personalet for å ha forsvarleg bemanning på helg.
- Sommar-turnus og bonusbetaling for ekstrahelger, unngå bruk av vikarbyrå
- Kompetanseheving gjennom internundervisning, studiegrupper, kurs. Vidareføre bruk av e-læring. Ta i bruk Kompetansebroen.
- Fagsystema Profil og Notus: Vurdere ulike former for velferdsteknologiske løysingar opp mot Profil.
- Arbeidsmiljø og HMS; kontinuerleg oppfølging av risikovurdering og handlingsplanar.
- Vidareutvikle brukarmedverking med brukarar og pårørande. Jf. Rettleiar for brukarmedverking i Vang kommune.
- Styrke fagleiarkompetansen, auke sjukepleiarressursar og vikarpool over til styrka grunnbemanning.
- Fokus på mat og matglede, ernæring,
- Fokus på miljøbehandling, fokus på kultur, auka samarbeid med frivillige

Vang kommune har 16 langtidsplassar i institusjon.

Langtid	Faggruppe	Årsverk
	Sjukepleiar / vernepleiar	4,6
	Fagarbeidar	12,4
	Assistent	1,5
		18,5
Lærling	helsefag	2
Vikarbank	Sjukepleiar	0
	Fagarbeidar	0,5
		2,
Leiling	Leiar langtid	1
	Rådgjevar	1
		2
	SUM LANGTID	23
Korttid	Sjukepleiar/vernepleiar	3,96
	Fagarbeidar	2,53
	Assistent	0,44
	SUM KORTTID	6,93
Støttefunksjon	Kjøkken	3,11

På dagsenteret er bemanna me 0,36 årsverk omsorgsarbeidar, 0,4 årsverk assistent og 0,04 årsverk sjukepleiar .

På dagaktivitetstilbod til heimebuande med kognitiv svikt er det knytt 0,52 årsverk sjukepleiar og 0,48 årsverk helsefagarbeidar.

Institusjonslokale

Drift, vedlikehald og investeringar/påkostnader av institusjonar og bustader med pleie og omsorg heile døgeret – medrekna reinhald, vaktmeister, brøyting, straum og kommunale avgifter for Vangsheimen og intermedieæravdelinga ved Valdres lokalmedisinske senter.

Mål og viktige planar

- Tilretteleggje butilbod for eldre og funksjonshemma.
- Utbetring jf. vernerunder for å tilfredsstillе gjeldande krav.
- Naudsynt utskifting av inventar og utstyr
- Organisering av reinhald i teknisk etat.
- Vangsheimen var 23 år i 2021, og behovet for vedlikehald aukar. Det er difor budsjettert med fleire vedlikehaldstiltak, og behov for utskifting av inventar og utstyr. Også på den eldste delen av Vangsheimen som skal pussast opp i 2021.

Faggruppe	Årsverk
Reinhald	2,55
Vaskeri	0,99
<i>Sum funksjon 261</i>	3,54

9.7.2 Valdres lokalmedisinske senter (VLMS) – intermedieæravdeling

Avdelinga har 9 intermedieærplassar (behandlingsnivå mellom sjukeheim i kommune og sjukehus) og 2 observasjonssenger for legevakta somatikk/psykiatri (KAD, KommunalAkuttDøgnplass).

Vertskommunen melder om tilpassing til drift, budsjettert med samla inntektsauke på kr. 1500 000 i 2020. Dei viser elles til planlagt evaluering av intermedieæravdelinga (Regionrådet 28.8.19).

9.7.3 Korttidsavdeling og heimeteneste

Korttidsopphald i institusjon 10 plassar; utgreiing, behandling, rehabilitering, avlasting, tryggleiksopphald, lindrande behandling. Praktisk støtte og opplæring, helsetenester i heimen (heimesjukepleie, psykisk helseteneste mv.) og eigendelar for praktisk støtte og opplæring.

Heimesjukepleie	Faggruppe	Årsverk
	Sjukepleiar /vernepleiar	4,55
	Fagarbeidar	5,5
	<i>Sum heimesjukepleie</i>	10,05
Heimehjelp	Assistent	2,2
Leiing	Leiar korttid og heimetenesta	1
	Merkantil	0,5
	<i>Sum leiing merkantil</i>	1,5
	Sum heimetenestar	13,75
Kortid	Faggruppe	Årverk
	Sjukepleiar/vernepleiar	3,7
	Fagarbeider	2,4
	assistent	0,51
	Sum	6,61

Mål og viktige planar

- Korttids-, rehabiliterings- og avlastingsopphald med god fagleg kvalitet.
- Naudsynt og forsvarleg helsehjelp skal ytast i heimen så lenge det er mogleg.
- Tilstrekkelege og fleksible heimetenester tilpassa den einskilde sine behov for å oppretthalde eigenomsorg lengst mogleg. Eldre menneske skal få moglegheit til å bu lengst mogleg heime, i tråd med stortingsmelding 15 «leve hele livet».
- *Praktisk støtte og hjelp i heimen* til menneske med endra funksjonsnivå grunna fysisk eller psykisk sjukdom.

- Aktiv førebygging for å sikre god helse og godt funksjonsnivå. kvardagsrehabilitering er eit viktig tiltak.
- Vidareføre *Kreftsjukepleiarfunksjonen* i Vang kommune.
- *Avlasting* til pårørende med ansvar for personar med særleg hjelpebehov, slik at dei kan ha omsorg for sine næraste i heimen lengst mogleg, og samstundes meistre kvardagen.
- Naudsynt helsehjelp, pleie og omsorg til pasientar som er utskrivingsklare frå sjukehus og har behov for vidare helsehjelp i kommunen.

Korttidsavdelinga får overført pasientar med komplisert og samansett problematikk frå sjukehus som krev avansert behandling og oppfølging. Det er lang avstand til sjukehus og legevakt. Det krev tilsette med eit godt klinisk blikk som raskt legg merke til endringar i tilstanden til pasienten og veit kva for tiltak som skal igangsetjast. Med bakgrunn i dette har 2 tilsette fått økonomisk støtte til å gjennomføre kurset «Akuttmedisinsk eldreomsorg» i regi av Verdighetssenteret i Bergen.

Heimehjelp skal frå 1.1.2021 vera ein integrert del av heimesjukepleia. Dette vil ikkje få nokon økonomisk konsekvens. Formålet med endringa er å betre nytte kapasiteten til dei tilsette, og betre samarbeidet om brukar mellom heimehjelp og andre tilsette i heimetenesta.

Under vidare arbeid/planlegging: Omsorgsbustadar – oppfølging bustadpolitisk plan.

9.8 Dagtilbod og demensteam

Tenester til eldre med nedsett funksjonsevne, psykiske lidningar og kognitiv svikt. Dagsenter for heimebuande, transporttenester, matombringning, tryggleiksalarm, frisør og fotpleie.

Mål og viktige planar

- Oppretthalde tilpassa dag-, arbeids- og aktivitetstilbod for menneske med nedsett funksjonsevne grunna alder, fysisk eller psykisk sjukdom. Ivareta livskvalitet, behov for sosial kontakt og aktivitet gjennom førebygging og meningsfylte aktivitetar.
- Aktiv alderdom trass i fysiske og psykiske lidningar gjennom dagsentertilbod.
- Legge til rette for normalisert livssituasjon gjennom arbeids- og aktivitetstilbod.
- Solgløtt - Dagaktivitetstilbod for heimebuande personar med kognitiv svikt – vidareutvikle tilbodet og informasjon om dette for å nå fleire i målgruppa.
- Samarbeid med eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne.
- Auka samarbeid med frivillige i tråd med «Leve hele livet»

Fagleiar dagsenter/ demensteam – sjukepleiar med vidareutdanning i geriatri er tilsett i stillingen. I 2020 var dette ei stilling på 40%. Stillingen aukas med 15% frå 1.1.2021 innanfor ramma av stillingsheimlar i heimetenesten. I aukinga ligg det oppgåver knytt til demensteam; planarbeid, kartlegging, heimebesøk og pårønderettleiing. Samt administrative oppgåver knytt til dagsenter Vangsheimen og dagsenter Solgløtt.

Dagtilbodet ved Vangsheimen er ope to dagar kvar veke. Her har brukartalet auka siste året.

Solgløtt - Dagaktivitetstilbod i Storplogen omsorgsbustadar for heimebuande personar med kognitiv svikt er vidareført med opningstid 2 dagar pr. veke i 2021. Grunna stor pågang vurderas det å utvide opningstid med 1 dag per veke, til saman 3 dagar i veka. Dette er ein del av planen om delvis bemanna omsorgsbustad i Storplogen.

9.9 Velferdsteknologi

Velferdsteknologi – 2021: innkjøp av velferdsteknologi etter etablering av plattform etter regional plan i Valdres. Auke kompetanse om velferdsteknologi i praksis.

Delta i det nasjonale velferdsteknologiprojektet

Er med i det regionale samarbeidsprosjektet Velferd i Valdres, er og tatt opp i det Nasjonale velferdsprosjektet.

Mål og viktige planar 2021:

- Fortsette det regionale samarbeidsprosjektet innan velferdsteknologi
- Starte innkjøp av elektronisk medisindispenser
- Kjøpe inn og skifte ut tryggleiksalarmar som har moglegheit til å koble på fleire teknologiar som brann varsling, GPS, to til tovegs tale.
- Starte planlegging og innhenting av tilbod om nytt varslingsanlegg på Vangsheimen og samstundes koble på Storplogen då det er tenkt at Storplogen skal ha bemanning heile døgeret.

9.10 Miljøtenesta

IHT, miljøtenesta har 2 bustadar, Grindatun og Bakkehaugen, og eit arbeids- og aktivitetssenter v/ Lund arbeidsbase.

Miljøtenesta har òg tenester elles i kommunen. Nokre av desse blir lagt inn under ressursane i bustadane, men dei fleste er administrert frå leiar IHT, miljøtenesta. Dette er bistand etter behov j.fr. både psykiske og fysiske hemmingar.

Frå 2.juni 2017 kom lovendringa (Helse og omsorgstjenesteloven §3-6,pkt.1.), som gir kommunen ansvar for rettleiing i heimen. Dette låg tidlegare under Sjukehus Innlandet, Habiliteringstenesta. Frå januar 2020 vart det lagt veldig fokus på kommunen sitt ansvar. Her blir det naudsynt med auka bemanning med rett fagkompetanse for framtida.

Miljøtenesta		2020	2021
Bakkehaugen	Avdelingsleiar	0,4	0,4
	Vernepleiar	1,0	1,0
	Fagarbeidar	4,7	4,7
	Assistent	1,6	1,6

	<i>Sum Bakkehaugen</i>	7,7	7,7
Grindatun	Avdelingsleiar	0,6	0,6
	Vernepleiar/miljøterapeut	1,1	1,1
	Fagarbeidar	3,4	3,4
	Assistent	2,0	2,0
	<i>Sum Grindatun m.fl.</i>	7,1	7,1
Leiing	Leiar miljøtenesta	1	1
	Merkantil	1	1
	<i>Sum leiing merkantil</i>	2	2
254	Sum miljøtenesta	16,8	16,8

Det blir i dag nytta 0,6% stilling som høgskuleutdanna ute for bl.a rettleiing i heim, lagt i turnus ved Grindatun.

Årsverk

I tillegg er det 1 årsverk innan arbeidsretta tiltak og 0,5 årsverk fagarbeidar på Lund Arbeidsbase.

- Oppfølging av Rettleiar for brukarmedverknad.
- Innslagspunktet for refusjon for ressurskrevjande tenester blir på 1 361 000 kr, refusjonen uendra på 80 pst.
- Øystre Slidre kjøper tenester av Vang kommune for ca.1,4 mill. kr gjennom samarbeidsavtale.
- Tenester til heimebuande blir administrert av leiar IHT, miljøtenesta:

Tiltak i heimen: BPA (Brukarstyrt personleg assistent), PA (Personleg assistent – der kommunen administrerer ordninga), Praktisk bistand (miljøarbeid), ADL (trening av kvardagslege oppgåver) m.m. ca. **5,3** årsverk prosj. 263 og a335

Støttekontaktar 452 timar/mnd (**3,01** årsverk).

Støttekontakt er ei teneste som blir nytta av fleire sektorar. Eit lågterskel-tilbod som gjev moglegheit til sjølvstende. Dette blir og nytta av einsame eldre, slik at dei kan bu heime, fordi einkvan kjem innom. Dei kan på denne måten også få følgje ut på aktivitetar.

Avlasting 101 timar/mnd. (**0,7** årsverk).

Svært viktig for å avlaste ved særleg tyngande omsorgsbehov. Viktig for at pårørende skal stå i arbeid og ha ein så tilnærma vanleg kvardag som mogleg.

Omsorgsstønad 274 timar/mnd (**1,8** årsverk).

Ved særleg tyngande omsorgsbehov.

Administrering av Parkeringsbevis, ledsagerbevis.

Rettleiing i heimen.

I nært samarbeid med Sjukehus Innlandet, Habiliteringstenesta.

Koordineringsansvar for fleire av dei som til dømes flyttar ut av kommunen for t.d vidaregåande skuler.

Tilskottsordning for dekking av ekstrautgifter ved behov for assistanse på ferie- og fritidsreiser er vidareført.

*Transportteneste for forflyttingshemma (TT): Denne tenesta er ikkje lenger kommunal:
<https://www.innlandetfylke.no/news/felles-tt-ordning-for-innlandet/>*

9.10.1 Bustadane.

Her bur det pr. i dag fast 5 bebuarar, samt ansvar for nokre av dei som bur i eigen heim i kommunen. Desse tel 5 ulike turnusar.

Det var lagt opp til endra grunnturnus ved ein av bustadane med planlagt innsparing frå mai 2020, men dette laut ein midlertidig gå bort i frå. Ein lyt unngå stor fleksibilitet mellom avdelingane. Dette gjaldt ny grunnturnus med innsparing på 1,92 årsverk. Dagens turnus lyt oppretthaldast gjennom 2021 grunna covid-19.

Det er òg utarbeida ein kriseturnus med 12-timars vakter ved behov. Denne trer i kraft om det vert naudsynt, som til dømes ved karantene for fleire i same miljø. Det er i dag selektert arbeidskohortar ved bustadane. Dei tilsette er ikkje så fleksible mellom arbeidsstadar og tenestemotakarar som tidlegare, då dette skapar store utfordringar ved eventuell karantenesituasjon. Den selektive inndelinga gjer god stabilitet for tenestemottakarane, og ein stor forutsigbarheit for dei tilsette og leiarar.

Mål og viktige planar

- Gje eit tilrettelagt og trygg livssituasjon for tenestemotakarar.
- God kvalitet på tenestene og brukarmedvirkning
- Planlegge/ utgreie for nytte av velferdsteknologi og kvalitetsikring av dokumentasjonssystem for tverretatleg samarbeid.

9.11 Lund arbeidsbase/VTA.

Lund Arbeidsbase har aktivitets- og arbeidstilbod for menneske med behov for tilrettelagt arbeid.

Sysselsetjingstiltak for arbeidsledige og for yrkes-/utviklingshemma, praksisplassar og tilskot til bedrifter – medrekna VTA.

Mål og viktige planar

- Gje eit tilrettelagt arbeids- og aktivitetstilbod til personar med endra funksjonsnivå.
- Oppfølging av statusrapporten for Lund Arbeidsbase med fokus på gode aktivitetar og fornuftig, berekraftig produksjon innan dei aktuelle områda.
- Vurdere moglege samhandlingsprosjekt for dei ulike avdelingane som har tilhald på Lund.

Lund arbeidsbase er eit arbeidsområde som husar fleire andre aktørar, som bl.a Integrasjonssenter og vaksenopplæring. Det er Lund arbeidsbase som har ansvar for bygningsmasse, straum og vedlikehald for heile arbeidsområdet.

Lund arbeidsbase har i dag 6 VTA-plassar. Dette er akkurat i grenseland for oppfølging, j.fr ressursane som ligg til Lund i dag, med 1,5 årsverk. Lund har eit godt omdømme og fleire aktørar ynskjer å nytte Lund arbeidsbase.

Desse 6 plassane gjev òg litt høgare refusjon for drift av tiltaksplassane til Vang kommune, men og ei litt større utgift til lønning/bonus for arbeidstakarane.

VTA er Equass-godkjent – (European quality in social services), ei anerkjent miljøsertifisering.

Fokusområde i 2021-24 er:

Vidare utviklingsarbeid med samarbeidspartnarar, som blant anna Valdres arbeidssenter, psykisk helse, Bufar, HAPRO og NAV.

Målsetjinga er å sikre kontinuitet i drift og gode tenester både for brukarar og kundar. Avdelinga er i god gang med målsetting om eit enno meir utvida tilbod og samarbeid med fleire aktørar, som følgje av naturleg utvikling av blant anna arbeidsoppgåver. Det blir viktig å halde dei tilsette oppdaterte innanfor arbeidsområda med kurs og kompetanseheving.

Det er i gang med bygging av vedalager, og det er òg lagt i budsjett 2021 til ny bil.

Bilen vil væra i tråd med behovet, og trengs for å oppretthalde den aktivitet og arbeid som VTA og Lund arbeidsbase gjer ute i det regionale arbeidsområdet.

Lund har òg lokale som kan leigast ut, her finns møblement som er klar for utskifting etter over 20 år. Det same gjeld kjøkkenlokalet for vidare drift innan catering. Her er det mest inndeling av områda som er naudsynt.

Elles er det framleis viktig å halde oppe fokus på oppdatering av verneutstyr.

9.12 Bustader

Drift, vedlikehald og påkostnader/investeringar av bustader kommunen eig eller leiger; medrekna omsorgsbustader, bustader til flyktingar og personalbustader. Leigeinntekter og planarbeid (t.d. bustadsosial handlingsplan).

Mål og viktige planar

- Tilretteleggje butilbod for eldre, funksjonshemma og flyktingar.
- *Forsterka butilbod* ved Storploggen omsorgsbustadar.
- Tydeleg ansvar- og oppgåvefordeling mellom leigetakar og utleigar.
- Tilby nye arbeidstakarar tilfredsstillande husvære.
- Arbeide for å gjere flyktingane sjølvstendige på bustadmarknaden i løpet av ansvarsperioden på fem år.
- Følgje opp tiltak og oppgåver i «Bustadpolitisk plan for Vang kommune» kap. 5.

Behov for nye bueiningar i Vang?

Det kjem ikkje så sjeldan opp at det er vanskar med å skaffe seg husvære i Vang. Dette er eit dårleg utgangspunkt når ei av dei største utfordringane for Vang kommune nettopp er å auke busettinga i kommunen.

Det har over tid vore fleire initiativ for å betre tilgangen på husvære i kommunen, som aktivt søke opp og oppfordre til utleige, god marknadsføring av dei bueiningar som finst og forsøk på å få til nybygging. Det aller beste enkelttiltaket er utan tvil Tveitabru Bygg AS si bygging av ca. 10 bueiningar for vidaresal.

Det har vore prøvd å få lokalt næringsliv til å bygge bueiningar for utleige, men utan at dette har gjeve resultat.

Dette prosjektet har vore utsett grunna behov for avklaringar. Sak om Bustadpolitisk plan for Vang kommune med avklaringar i høve til bygging av bustader vart vedteken i juni 2019. Områderegulering for Vang sentrum vart vedteken i 2018. Bemanningssituasjonen i kommunen har medført at det ikkje har vore kapasitet til å setje i gang prosjektering og bygging i 2019. Tiltaket er difor forskyve til 2020 og 2021.

Tiltak som er med i økonomiplanen - investering

Tiltak	Kostnad
Ny bil Lund	500 000 kr
Ny vaskemaskin og tørketrommel vaskeriet	182 000 kr
Velferdsteknologi	285 000 kr
Innkjøp av ulike dokumentasjonssystem	100 000 kr

9.13 Introduksjonsordninga

Flyktingtenesta med introduksjonsordninga og busetjing av flyktingar (utanom norskopplæring): Integreringstiltak, tilrettelegging og inntekter/utgifter knytt til introduksjonslova.

Introduksjonsprogrammet kan vare inntil to år (introduksjonsperioden), med høve for eitt ekstra år. Flyktingtenesta har også medansvar for busette flyktingar i samarbeid med NAV og andre kommunale tenester i fem år (ansvarsperioden).

Utgifter og inntekter knytt til flyktingtenesta blir også ført på funksjon 265 bustader.

Flyktingtenesta har tilhald ved Vang læringssenter på Lund og er organisatorisk lagt til oppvekst, kultur og integreringsetaten.

Mål og viktige planar

- Kvalifisere flyktingar til aktiv deltaking i yrkes- og samfunnsliv i løpet av introduksjons- og ansvarsperioden i samarbeid med NAV.
- Bidra til busetjing i tråd med politiske vedtak.
- Økonomisk sjølvstende hjå deltakarane etter fullført introduksjonsprogram.

I arbeidet med å legge til rette for at busette flyktingar som er ferdig med introduksjonsprogrammet skal bli i Vang, få jobb og eit sosialt nettverk er det viktig å vidareføre dei gode erfaringane me i Vang kommune har gjort med prosjektet *integrerende arbeidsliv*. Viktige samarbeidspartar i fortsettinga med dette arbeidet er:

- NAV
- Frivilligsentralen
- Vang læringssenter/flyktingtenesta
- Innovangsjon

God tilrettelegging for flyktingar krev godt samarbeid. I Vang har vi gode erfaringar med å samarbeide gjennom det lokalt oppretta **integrasjonsforumet** som er samansett av leiar for frivilligsentralen, biblioteksjefen, helsesøster, leiar av læringssenteret, etatsleiar, representant frå grunnskulen, frå barnehagane, frå Vang mottakssenter og frå Vang næringsforum. Avhengig av tema blir også andre aktuelle samarbeidspartar invitert til møte i forumet.

9.14 Kvalifiseringsordninga

Kvalifiseringsprogram og kvalifiseringsstønad med heimel i sosialtenestelova: Sjelve kvalifiseringsstønaden, og organisering, tilrettelegging, utbetaling, og tiltaks- og oppfølgingskostnader.

Kvalifiseringsprogrammet gjeld for personar i yrkesaktiv alder med vesentleg nedsett arbeids- og inntektsevne og ingen eller svært avgrensa ytingar til livsopphald. Programmet høyrer til NAV Valdres sitt ansvarsområde.

I tiltaksbudsjettet er budsjettet for kvalifiseringsprogrammet auka for å ta omsyn til ei auke i grunnbeløpet i folketrygda med 1,2%.

9.15 Økonomisk sosialhjelp

Alle ytingar til økonomisk sosialhjelp som er heimla i lov om sosiale tenestar i arbeids- og velferdsforvaltinga §§18 og 19 blir ført her.

Økonomisk sosialhjelp har ein litt negativ utvikling i Vang kommune

Den er pr. no i 2019 på same nivå som i 2015. Det var ein nedgang i 2016 og 2017 (hhv 911' og 977') medan den auka til 1625' i 2018 og er no på 1400'.

Talet på sosialhjelpsmottakarar har vore stabilt på litt over 40 personar, med unntak av 2016, då det var nede i 29.

Frå 2018 til 2019 har andelen med økonomisk sosialhjelp som hovudinntekt auka frå 33% til 46% (jan – aug).

Talet på unge sosialhjelpsmottakarar har gått ned frå 2015 (10) til under 5 i '16 og 17', med ei lita auke att i 2018 (5).

Det er ein litt mindre del av dei som har motteke sosialhjelp i 2019 som er busette etter avtale med IMDI, men dei står for ein større del av utgiftene.

Det er ikkje kome signal frå NAV om at dette vil endre seg i 2020. Det er likevel slik at det kjem svært få flyktingar til kommunen. Dersom det held fram slik, blir denne gruppa borte.

9.16 Hjelp til eigen bustad

Bustadformidling og Husbanken sine verkemiddel (etableringslån, formidlingslån, bustønad, tilskot til utbetring av bustad) mv.

Vang kommune har midlar på fond til ulike verkemiddel: Etableringslån kr. 400 000,-

Til utbetring av bustad kr. 150.000,-. Startlån kr. 500 000,-.

10 Landbruk og teknisk etat

OVERORDNA MÅL

- Legge til rette for næringsutvikling
- Utvikle gode bumiljø
- Utvikle gode tenestetilbod
- Medverke til at kommuneplanen sine målsetjingar blir oppfylte
- Utføre lovpålagte oppgåver innanfor dei tidsfristar og det skjønne styringssignala heimlar
- Bidra til å leggje tilhøva til rette for å halde oppe og vidareutvikle jord-, skog- og utmarksnæringar og aktuelle tilleggsnæringar i Vang

10.1 Økonomisk driftsramme for 2021

Etat: 4 Landbruk og Teknisk		Budsjett	Buds(end)	Regnskap
		2021	2020	2019
10	Løn og sosiale utgifter	16 927	14 953	14 041
11	Varer og tenester i eigen tenesteproduksjon	13 582	13 088	14 304
13	Tenester som erstattar eigen tenesteproduksjon	9 129	7 858	8 402
14	Overføringsutgifter	2 645	3 327	3 642
15	Finansutgifter	-	-	78
Sum utgifter		42 283	39 226	40 466
16	Salsinntekter	-16 721	-16 208	-16 391
17	Refusjonar (med krav til motyting)	-4 968	-5 062	-5 866
18	Overføringsinntekter (utan krav til motyting)	-	-700	-51
19	Finansinntekter og finansieringstransaksjonar	-2 812	-2 070	-1 861
Sum inntekter		-24 500	-24 040	-24 169
Sum etat: 4 Landbruk og Teknisk		17 783	15 186	16 297

10.2 Bemanning



26 tilsette og 22,92 årsverk

Administrasjon	Kommunalsjef	100 % stilling
	Sekretær	100 % stilling
Vatn og avløp	Avdelingsleiar	100 % stilling
	3 driftsoperatørar	300 % stilling
Bygg og veg	Avdelingsleiar	100 % stilling
	8 vaktmeistrar	615 % stilling
	2 reinhaldarar	117 % stilling
Forvaltning	2 landbrukskonsulentar	180 % stilling
	2 byggesaksbehandlarar	180 % stilling
	2 arealplanleggjarar	200 % stilling
	1 oppmålingsingeniør	100 % stilling
	1 prosjektleiar	100 % stilling
Interkommunalt GIS-samarbeid	1 konsulent	100 % stilling (20 % permisjon p.t.)

10.3 Oppsummering -samla handlingsplan for 2021

Ansvar 400; Kommunalsjef Landbruk og teknisk

- 1 Vidareutvikle internkontrollen for å gjere avdelinga mindre sårbar (Compilo)
 - Skrive ned munnlege og oppdatere eksisterande rutinar som etaten har
 - Innmåling, kart og matrikkel
 - Innkrevjing av gebyr
 - Planarbeidet
 - Landbruksforvaltning
 - Etablere «prosjektleiarhandbok», og vurdere om det er tenleg ta i bruk digitalt verktøy for prosjektleiing
 - Etablere «handbok» for byggesak
 - Etterkomme vedtak frå Arbeidstilsynet om handtering av lønns- og arbeidsvilkår ved inngåing av kontrakt med leverandørar etter anbod
 - Etterkomme vedtak frå Arbeidstilsynet om handtering av asbest
 - Etablere rutine for å følge opp forsøpling/forureining
- 2 Fullføre arbeidet med ROS-analyse for etaten
- 3 Starte opp arbeid med oppdatering av overordna ROS i kommunen
- 4 Gjennomføre internt kurs i forvaltningsrett, med mål om å fatte så gode vedtak dei ikkje blir kjent ugyldige, oppheva eller blir gjort om ved klagesaksbehandling
- 5 Gjennomføre prosjekt i investeringsplan og sikre at ny prosjektleiar ~~og som~~ avlastar avdelingsleiarar
- 6 Definere kva oppgåver som skal ligge til leiargruppa i etaten, slik at leiarar kan ha meir fokus på leiargjerninga og mindre på forvaltning/saksbehandling
- 7 Gjere ferdig oversikt over arbeidsoppgåver i etaten, og sikre at ingen oppgåver er avhengig av at ein tilsett er på jobb
- 8 Etablere fleire malar i WebSak
- 9 Etablere kompetanseplan for etaten

Ansvar 402; Vassverk og 403 Kloakkreinseanlegg

- 10 Fullføre etablering av Tyinkrysset vassverk
- 11 Sette i gang prosessen med etablering av høgdebasseng i forsyningsområdet til Tyinkrysset vassverk for å få utbytte av utbygginga av vassverket
- 12 Jobbe vidare med rammeplan for vatn og avløp for Vang sentrum
- 13 Ta tak i etterslep på vedlikehald innan VA, oppdatere og fylje vedlikehaldsplanar
- 14 Kartlegge kven som er koplta til VA-nettet på Tyin/Filefjell, og sjå til at alle har godkjenning for tilkopling og har betalt tilkoplingsavgift
- 15 Utarbeide plan for utbetring av Åsvang ra for fjerning av luktproblem
- 16 Utarbeide plan for utbetring av Grindaheim ra som er 40 år gammalt
- 17 Utarbeide plan for rehabilitering av Ryfoss ra, mellom anna utbytting av reinseinnetning for fjerning av ristgods
- 18 Utsifting av avløpsleidning med dårlig fall langs vegen frå Gudbrandslie til Gamelstøgovegen
- 19 Utbetre styring og elektronikk i pumpestasjonar

Ansvar 404; Spreitt avløp

- 20 Fullføre oppdatering av informasjon i KomTek, etter overføring av data på eksisterande anlegg frå VKR
- 21 Etablere rutine for fortløpande registrering av nye anlegg
- 22 Vurdere korleis vi kan få kapasitet til å føre tilsyn med spreitt avløp og fylje opp saker om forureining
- 23 Vurdere å etablere lokal forskrift for innkrevjing av gebyr og om utslipp av avløpsvatn frå mindre avløpsanlegg

Ansvar 410; Tomtefelt

- 24 Fullføre tomter på Ryfoss og sette i gang med sal

Ansvar 430; Drift og vedlikehald bygg og anlegg

- 25 Oppdatere og fylje opp planar for vedlikehald
- 26 Ta i bruk FDV-system og overføre vedlikehaldsplan til digitalt system
- 27 Etablere vedlikehaldsplan for utandørs installasjonar som kommunen har ansvar for
- 28 Definere kva tiltak som må gjerast for å gjere avdelinga meir effektiv og ta ut gevinst etter omorganisering
- 29 Avklare om nokre av dei kommunale bustadene skal seljast
- 30 Asfaltere rundt Lund arbeidsbase
- 31 Opprusting av kjøkken Oppigarden og på Grindatun
- 32 Oppussing i hovedetasje Lund arbeidsbase

Ansvar 431; Reinhald

- 33 Tilsette avdelingsleiar
- 34 Etablere eige avdeling for reinhald
 - Etablere innkjøpsordningar
 - Lage plan for kompetanseheving
 - Lage reinhaldsplanar for dei ulike bygga

Ansvar 450 Forvaltning landbruk, natur og miljø

- 35 Vurdere om det er rett å oppretthalde dagens servicetilbodet innanfor landbruksforvaltninga
- 36 Lage rutinar og kontrollplaner for behandling av produksjonstilskott og regionale miljøtilskott
- 37 Gje fullmakt frå settekommune for søknadsbehandling ved inhabilitet
- 38 Fullføring av vegetasjonskartlegging del 2 av 3
- 39 Lage plan for å følgje opp bu- og driveplikt, gjennomføre planen
- 40 Revidere landbruksplanen
- 41 Bistå gardbrukarar i rettleiing i dei ulike tilskottsordningane
- 42 Fortsette å samarbeide med og støtte driftsplanlaget for hjortevilt i arbeid med bestandsplaner
- 43 Revidere målsetjingane for hjortevilt i Vang kommune
- 44 Gjennomføre kurs for skadefellingslaget
- 45 Revidere beredskapsplan for skade på rovvilt, og på husdyr og tamrein

-
- 46 Etablere kommunedelplan for naturmangfold – hente inn data, mellom anna samarbeide med driftsplanlaget om ny bestandplan for forvaltning av hjortevilt
 - 47 Vurdere om det er rett å oppretthalde ordninga med skotpremie
 - 48 Lage retningslinjer for handtering av nye reglar for motorferdsel i utmark
 - 49 Oppretthalde ordninga for skotpremie
 - 50 Betre utstyret til fallviltgruppa, mellom anna med termetiske kikkert

Ansvar 470; Vegar og gatelys

- 51 Fylje planer for opprusting av kommunale vegar
- 52 Kjøpe ny traktor
- 53 Ruste opp veg og gangveg til VBU
- 54 Bidra til etablering av ladepunkt for el-bil
- 55 Registrering av stikkrenner og sjekke behov for utskifting
- 56 Brukontroll

Ansvar 480; Valdres-GIS

- 57 Etablere rutinebeskrivingar
- 58 Kvalitetsheving av planregister og plandatabaser
- 59 Kvalitetsheving av FKB-data (bygg, samferdsel og vatn)
- 60 Kvalitetsheving av Matrikkel, særleg bygningsdelen
- 61 Registrering av POI-ar (oppfølging av geodataplan for Innlandet)
- 62 Skaffe og ta i bruk programvare for forvaltning av VA-data
- 63 Skaffe og ta i bruk portal for vidareformidling av eigedomsinformasjon

Ansvar 481; Forvaltning areal, plan og byggesak

PLANSAKSBEHANDLING

- 64 Ajourføre digital plandialog
- 65 Gjennomgang, avklaring og ajourføring av forslagsbasen (planar under arbeid)
- 66 Innarbeide rutine for registrering av dispensasjonar i kartet
- 67 Lage verktøykasse for å følgje opp bu- og driveplikt
 - lage oversikt over retningslinjer og reglar
 - etablere rutinar for samarbeid med skattemyndigheiter (folkeregister)
 - etablere rutine for korleis ein gjennomfører tvangssal og iversetjing jamfør plan
- 68 Følgje opp bu- og driveplikta ved å;
 - få oversikt over bruk der eigar ikkje har same adresse som bruket sin adresse
 - få oversikt over bustader som står tomme
 - lage plan for oppfølging av eigarar som bryt buplikta eller driveplikta
- 69 Bygge kunnskap/kompetanse før oppdatering av samfunnsdelen av kommuneplanen
- 70 Detaljplanlegge Klukkarhaugen
- 71 Kommunedelplan for Tyinkrysset til ny høyring/sluttbehandling
- 72 Revidere plan for trafikktryggleik
- 73 Utarbeide sti og løypeplan for Vang

BYGGESAKSBEHANDLING OG EIGARSEKSJONERING

- 74 Etablere retningslinje for å fylje opp feil gjerding av hytteeigedom og informere til hyggeeigarar gjennom hytteforeiningar
- 75 Ny saksbehandlar lagar plan for kompetanseheving og deltar på naudsynte kurs

KART OG OPPMÅLING

- 76 Sikre at vi har autorisert/godkjent ansvarleg landmålar, jamfør lovendring i matrikkelloven
- 77 Sikre naudsynt kapasitet og kompetanse for føring av konsesjonsforhold i matrikkel
- 78 Sikre naudsynt kapasitet i ferie og ved anna fråvær
- 79 Skaffe ressursar til å komme à jour med matrikkelføring av grenser mot ny/endra veg
- 80 Bli betre til å bruke digital løysing for dokumenthandtering ved oppmålingsforretningar (OD-oppmålingsdialog)

10.4 Ansvar 400 kommunalsjef Landbruk og teknisk

Status og utviklingstrekk

- Stor saksmengde, mange nye tilsette som gjer at vi ikkje er så effektive som vi kan vere
- Vi må alle tilpasse oss ein digital kvardag i større grad, gjeld oss sjølve og publikum
- Vi er ikkje tydelege nok på korleis vi kan jobbe smartare og er heller ikkje tydleg på kva som er etatens kjerneoppgåver og kva forventningar vi kan innfri
- Overordna ansvar for samsunssikkerheit og beredskap skal ligge hos etaten, og leiar har fått rolla som beredskapskoordinator
- Det blir ikkje sett av tilstrekkeleg med ressursart til å arbeide med ROS og beredskap
- Digitalt internkontrollsystem er lite i bruk og etaten har mange munnlege rutinar og rutinar som ikkje er oppdatert
- Det blir ikkje gjennomført intern systemrevisjon av internkontrollen

Utfordringar og mogligheiter

- Generasjonsskifte
- Profesjonalisere saksbehandling
- Skrive ned og helde viktige rutinar oppdatert
- Utarbeide fleire standardmalar i WebSak
- Endringar i budsjettering vil gje betre oversikt over kva ressursar brukast til

Utviklingsmål (4-års perspektiv 2022-2024)

- Vurdere om det er tenleg å oppdatere gebyrregelverket, jamfør ynskje om endring av tidspunkt for innkrevjing av tilkoplingsgebyr VA
- Oppdatere beredskapsplanen til etaten
- Sjå på arbeidsoppgåver og prioriteringar
 - Vurdere politiske innspel og administrasjonens egne ynskje om økt tilsynsaktivitet på fleire områder
 - Vurdere kva som må/kan prioriterast ned og kva som skal prioriterast opp
 - Vurdere kva tiltak som kan gjennomførast for å arbeide smartare/gjere meir

Handlingsplan 2021

- Vidareutvikle internkontrollen for å gjere avdelinga mindre sårbar (Compilo)
 - Skrive ned munnlege og oppdatere eksisterande rutinar som etaten har
 - Innmåling, kart og matrikkel
 - Innkrevjing av gebyr
 - Planarbeidet
 - Landbruksforvaltning
 - Etablere «prosjektleiारhandbok», og vurdere om det er tenleg ta i bruk digitalt verktoy for prosjektleiing
 - Etablere «handbok» for byggesak
 - Etterkomme vedtak frå Arbeidstilsynet om handtering av lønns- og arbeidsvilkår ved inngåing av kontrakt med leverandørar etter anbod
 - Etterkomme vedtak frå Arbeidstilsynet om handtering av asbest
 - Etablere rutine for å følge opp forsøpling/forureining
 - Fullføre arbeidet med ROS-analyse for etaten
 - Starte opp arbeid med oppdatering av overordna ROS i kommunen
 - Gjennomføre internt kurs i forvaltningsrett, med mål om å fatte så gode vedtak dei ikkje blir kjent ugyldige, oppheva eller blir gjort om ved klagesaksbehandling
 - Gjennomføre prosjekt i investeringsplan og sikre at ny prosjektleiार og som avlastar avdelingsleiारar
 - Definere kva oppgåver som skal ligge til leiargruppa i etaten, slik at leiारar kan ha meir fokus på leiargjeringa og mindre på forvaltning/saksbehandling
 - Gjere ferdig oversikt over arbeidsoppgåver i etaten, og sikre at ingen oppgåver er avhengig av at ein tilsett er på jobb
 - Etablere fleire malar i WebSak
 - Etablere kompetanseplan for etaten

10.5 Hushaldsavfall

Vang kommune er tilslutta Valdres kommunale renovasjon IKS (VKR). VKR har ansvar for oppsamlingsordningar, innsamling, henting, oppbevaring, sortering, attvinning og forbrenning av avfall, knytt til sjølvkostområdet for hushaldsavfall. Ordninga er sjølvfinansierande, og kommunane står for avgiftsinnkrevjinga.

10.6 Vatn og avløp

Ansvar 402; Vassverk

Ansvar 403; Kloakkreinseanlegg

Overordna mål

- Leverer nok vatn
- Leverer trygt vatn som ikkje fører til sjukdom
- Vassforsyninga skal vere stabil og sikker
- Vassverka skal oppfylle gjeldande lover og reglar
- Vassforsyninga skal drivast kostnadseffektivt innanfor forsvarlege økonomiske rammer
- Kloakkreinseanlegga skal oppfylle gjeldande lover og reglar

-
- Kloakkreinseanlegga skal drivast kostnadseffektivt innanfor forsvarlege økonomiske rammer
 - Reinseanlegga skal drivast jamfør utsleppskrav

Status og utviklingstrekk

- Oppdempt behov for vedlikehald på vatn- og avløpsanlegg
- Det manglar VA-planar i områder med ynskje om utbygging
- Ved planar om utbygging er det ein forventning om at kommunen skal dekke kostnader til etablering av infrastruktur

Utfordringar og moglegheiter

- Sikre rett prioritering og strukturere arbeidsdagen ved å ta i bruk FDV-system
- Auke kompetansen på bruk av utbyggingsavtaler
- Foreta overordna forventningsavklaring om kommunen sin rolle og ansvar ved etablering av infrastruktur ved utbygging
- Hytteeigarar ønsker auka standard og kunne legge inn vatn- og avløp. Nokre reguleringsplanar i eksisterande hyttefelt legg ikkje til rette for det og det er i liten grad utarbeida VA-planar
- Særleg utfordring for Eidsbugarden?

Utviklingsmål (4-års perspektiv 2022-2024)

- Lage kommunedelplan for vatn og avløp i 2022 og 2023
- Sikre at Vang vassverk er robust og har kapasitet jamfør planar for utvikling i området (Klukkargrende, Krøssvøllhaugadn, Fjellheim, Grindafjell)
 - Vurdere reinsing for fjerning av jern og mangan i drikkevynet i Vang
 - Vurdere behov for nytt høgdebasseng
 - Vurdere behov for utskifting av dårlege kummar
- Avklare om Raudalen skal vere satsingsområde og om det skal settast av ressursar til investering til VA-infrastruktur

Handlingsplan 2021

- Fullføre etablering av Tyinkryset vassverk
- Sette i gang prosessen med etablering av høgdebasseng i forsyningsområdet til Tyinkryset vassverk for å få utbytte av utbygginga av vassverket
- Jobbe vidare med rammeplan for vatn og avløp for Vang sentrum
- Ta tak i etterslep på vedlikehald innan VA, oppdatere og fylje vedlikehaldsplanar
- Kartlegge kven som er koplta til VA-nettet på Tyin/Filefjell, og sjå til at alle har godkjenning for tilkopling og har betalt tilkoplingsavgift
- Utarbeide plan for utbetring av Åsvang ra for fjerning av luktproblem
- Utarbeide plan for utbetring av Grindaheim ra som er 40 år gamalt
- Utarbeide plan for rehabilitering av Ryfoss ra, mellom anna utbytting av reinseinnetning for fjerning av ristgods
- Utskifting av avløpsleidning med dårleg fall langs vegen frå Gudbrandslie til Gamelstøgovegen
- Utbetre styring og elektronikk i pumpestasjonar

Ansvar 404; Spreitt avløp

TILSYN OG KONTORLL SPREITT AVLØP

Status og utviklingsmål

- Kommunen har ansvar for å gje utslippsløyve
- Kommunen har ansvar for å føre tilsyn med spreitt avløp hos private og verksemder med eige avløpsanlegg
- Kommunen har ikkje lokal forskrift for å krevje inn gebyr for tilsyn
- Kommunen har ikkje lokal forskrift om utslipp av avløpsvatn frå mindre avløpsanlegg
- Kommunen har mange gamle private avløpsanlegg med dårlig reinsing etter dagens standard og krav
- Kommunen mottar mange søknadar om utslippstillating frå hytteigarar i hyttefelt utan tilgang til offentleg vatn og avløp, og utan at det er utarbeida VA-planar i områda

Utfordringar og moglegheiter

- Auke kompetansen om krav til spreidd avløp
- Kommunen har ikkje kapasitet til å føre tilsyn med spreitt avløp med dagens bemanning
- Spreitt avløp er eit sjølvkostområde, der det kan stilles krav om å betale gebyr for å finansiere tilsyn

Utviklingsmål (4-års perspektiv 2021/2025)

- Vurdere å gebyrlegge tilsyn av spreitt avløp
- Sette i gang prosjekt for kartlegging der ein får svar på kva som finst av lovlege/ulovlege anlegg jamfør tilstand og fare for forureining

Handlingsplan 2021

- Fullføre oppdatering av informasjon i KomTek, etter overføring av data på eksisterande anlegg frå VKR
- Etablere rutine for fortløpande registrering av nye anlegg
- Vurdere korleis vi kan få kapasitet til å føre tilsyn med spreitt avløp og fylje opp saker om forureining
- Vurdere å etablere lokal forskrift for innkrevjing av gebyr og om utslipp av avløpsvatn frå mindre avløpsanlegg

Tøming av slamavkiljarar / septiktankar

Det er Valdres kommunale renovasjon IKS (VKR) som har ansvaret for å sikre innsamling av slam frå slamavkiljarar og septiktankar. Dei utarbeider tømmeplanar og har inngått avtale for å hente inn septik, som leverast til næraste avløpsreinseanlegg. Kommunen krev inn gebyr for ordninga. Dette er eit sjølvkostområde som går i 0 i kommunens budsjett og rekneskap.

10.7 Tomtefelt

Status og utviklingstrekk

- Det er +3 ledige kommunale tomter i Åsvang byggefelt
- Det er 1 ledig kommunal tomt på Bøafleta
- Det er 6 ledige kommunale tomter i Steintræet byggefelt
- Det kjem 25 tomter i det nye tomtefeltet i Ryfoss
- Det er ledige tomter i fyljande private områder
 - Hensåsen
 - Klukkargrende
 - Brekke i Øye (eldre plan)
 - Frådelte tomter til spreitt bustadbygging
- Det er fremma forslag om reguleringsplanar for fyljande
 - Fjellheim
 - Krøssvollhaugadn
 - Klukkarhaugen

Utfordringar og moglegheiter

- Sikre at det etablerast kommunalt eigd infrastruktur til tomtefelt som det er ynskje om å bygge ut
- Gjere framstøyt/marknadsføre tomter som kommunen eig

Utviklingsmål (4-års perspektiv 2022-2024)

- Realisere planar

Handlingsplan 2021

- Fullføre tomter på Ryfoss og sette i gang med sal

10.8 Ansvar 430; Drift og vedlikehald bygg/anlegg

Status og utviklingstrekk

- Større krav til kompetanse ved drift av kommunale bygg enn før, blir meir og meir komplisert
- Stor aktivitet i byggebransjen sjølv med Korona, lite konkurranse og få som responderer på anbod

Utfordringar og moglegheiter

- Utnytte kapasitet i vaktmeisteratenesten betre
- I større grad bruke minikonkurranse hjå lokale firma for å få gjennomført tiltak

Utviklingsmål (4-års perspektiv 2022-2024)

- Oppgradering av bad i kommunale bustader

- Vurdere antal kommunale utleigebustader samt type einingar ein treng

Handlingsplan 2021

- Oppdatere og fylje opp planar for vedlikehald
- Ta i bruk FDV-system og overføre vedlikehaldsplan til digitalt system
- Etablere vedlikehaldsplan for utandørs installasjonar som kommunen har ansvar for
- Definere kva tiltak som må gjerast for å gjere avdelinga meir effektiv og ta ut gevinst etter omorganisering
- Avklare om nokre av dei kommunale bustadene skal seljast
- Asfaltere rundt Lund arbeidsbase
- Opprusting av kjøkken Oppigarden og på Grindatun
- Oppussing i hovedetasje Lund arbeidsbase

10.9 Ansvar 431; Reinhald

Status og utviklingstrekk

- Manglar fagmiljø for dei tilsette
- Ingen samordning av innkjøp
- Lav status i yrket

Utfordringar og moglegheiter

- Etablere eige avdeling for reinhald, for å samordne og skape fagmiljø
- Auke kompetansen i gruppa
- Utnytte kapasitet betre

Utviklingsmål (4-års perspektiv 2022-2024)

- Bidra til å nå målet om flest hele stillingar (heiltidskultur)
- Auke kompetansen i gruppa
- Gjere gruppa meir synleg internt i kommunen
- Samordne innkjøp
- Sikre meir føreseieleg budsjettering

Handlingsplan 2021

- Tilsette avdelingsleiar
- Etablere eige avdeling for reinhald
 - Etablere innkjøpsordningar
 - Lage plan for kompetanseheving
 - Lage reinhaldsplanar for dei ulike bygga

10.10 Feiarvesen/brannførebygging

Feiarvesen og andre tiltak som skal førebyggje brann og andre ulykker blir tatt i vare av Valdres brann og redning IKS (VBR IKS). Utgifter til feiarvesenet blir dekkja gjennom sjølvkost ved at kommunen fakturerer feiegebyr.

10.11 Brannberedskap

Arbeidsoppgåver: Brannvesen og anna beredskap mot brann og ulykker. Tenesta takast i vare av Valdres brann og redning IKS (VBR IKS). Kommunen betaler VBR IKS for tenesta.

10.12 Forvaltning landbruk, natur og miljø

Lanbruksforvaltning

Overordna mål

Vang kommune skal leggje til rette for eit fortsatt aktivt landbruk, med særlig vekt på landbruk som hovudnæring i Vang. Det skal og leggjast vekt på kulturlandskap og lokal byggeskikk, busetting, utmarksressursar, lokal ressursutnytting og vidareforedling, stølsdrift og næringskombinasjonar.

Status og utviklingstrekk

- Nedgang i talet aktive gardbruk i kommune
- Fleire bruk med generasjonsskifte
- Krav om nye reglar for hald av storfe i 2024

Utfordringar og moglegheiter

- Halde kurs for yngre bønder i samarbeid med Innovasjon Norge
- Kommunen bruker mykje tid på rettleiing ved søknad om tilskot
- Kommunen har ikkje naudsyn kapasitet til tilsyn
- Stimulere til moglege tilleggsnæringar innan landbruket
- Bistå ved generasjonsskifte i form av rettleiing om ulike ordningar innan landbruket
- Oppretthalde aktivt landbruk i kommunen.
- Stimulere til å oppretthalde mjølkeproduksjon

Utviklingsmål (4-års perspektiv 2022-2024)

- Definere og gjennomføre tiltak for å motivere yngre brukarar til å oppretthalde produksjonen på garden
- Vurdere om tilskotssatens for kommunalt tilskott til landbruksføremål skal aukast
- Revidere beitebruksplan

Handlingsplan 2021

- Vurdere om det er rett å oppretthalde dagens servicetilbodet innanfor landbruksforvaltninga
- Lage rutinar og kontrollplaner for behandling av produksjonstilskott og regionale miljøtilskott
- Gje fullmakt frå settekommune for søknadsbehandling ved inhabilitet
- Fullføring av vegetasjonskartlegging del 2 av 3
- Lage plan for å følgje opp bu- og driveplikt, gjennomføre planen
- Revidere landbruksplanen
- Bistå gardbrukarar i rettleiing i dei ulike tilskottsordningane

10.13 Naturforvaltning

Status og utviklingstrekk

- Kommune har ansvaret for forvaltning av hjortevilt og rovvilt

-
- Forvaltning av hjortevilt blir administrert av Vang driftsplanlag
 - Kommunen har beredskapsplan for rovvilt som blir revidert kvart år
 - Kommunen administrerer og fallviltgruppe og skadefellingslag for rovvilt

Utfordringar og mogligheiter

- Bistå og samarbeide med driftsplanlaget om forvaltning av hjortevilt
- Halde i gang eit oppdatert skadefellingslag for rovvilt
- Bidra til å unngå store skader på rovvilt
- Bidra til at bandtvang av hund blir oppretthalde

Utviklingsmål (4-års perspektiv 2022-2024)

- Halde fallviltgruppa oppdater med lett tilgjengeleg og rett utstyr ved oppdrag
- Informere fastbuande- og hytteinnbyggjarar om bandtvang

Handlingsplan 2021

- Fortsette å samarbeide med og støtte driftsplanlaget for hjortevilt i arbeid med bestandsplaner
- Revidere målsetjingane for hjortevilt i Vang kommune
- Gjennomføre kurs for skadefellingslaget
- Revidere beredskapsplan for skade på rovvilt, og på husdyr og tamrein
- Etablere kommunedelplan for naturmangfald – hente inn data, mellom anna samarbeide med driftsplanlaget om ny bestandplan for forvaltning av hjortevilt
- Vurdere om det er rett å oppretthalde ordninga med skotpremie

Skotpremie

Ordninga er eit spleiselag mellom kommunen, sameige, grunneigarlag og beitelag i kommunen. Skotpremie blir delt ut til dei som feller rev og kråkefuglar. Skotpremie skal bidra til rekruttering og felling av skadegjerarar.

Viltfond

Viltfondet får kvart år inntekter frå jaktlaga i form av fellingsavgifter for jakt på elg og hjort. Utgiftene er tilskott til driftsplanlaget, lønningar til fallviltgruppa og aldersbestemming av hjortevilt.

10.14 Miljøforvaltning og forureining

Status og utviklingstrekk

- Klimaendringar ei utfordring med mellom anna med meir nedbør
- Kommunen har hatt lite fokus på miljø og forureining
- FN's bærekraftsmål for klima fokuserer på at klimaendringane er eit globalt spørsmål og ikkje kjenner landegrensar

Utfordringar og mogligheiter

- Bærekraftsmåla seier at vi må kutte utslipp, fange og lagre CO₂, satse meir på fornybar energi, nye industrielle system og endre infrastruktur. Vi må investere i å verne, tilpasse oss og avgrense skadeomfanget.
 - Styrke evne til å stå imot og tilpasse seg klimarelaterte farar og naturkatastrofar
 - Innarbeide tiltak mot klimaendringar i politikk, strategiar og planlegging
 - Bidra til å gjennomføre forpliktingane dei utviklede landa som er part i FN's rammekonvensjon om klimaendringar, har påteke seg.
 - Styrke enkeltpersonar og institusjonars evne til å motverke, tilpasse seg og redusere konsekvensane av klimaendringar og deira evne til tidlig varsling, samt gjere oss meir medvitne om og styrke kunnskapen og om dette
 - Fremme mekanismar for å styrke evna til effektiv klimarelatert planlegging og forvaltning
- Mange små, «lokale» deponi og avfallhandteringsplassar som isolert sett førar til liten forureining, men som samla gir eit problem
- Manglande kapasitet gjer det vanskelig for kommunen å kartleggje og følgje opp «lokal» forureining
- Utarbeiding av kommunedelplan for naturmangfald kan gje ein auka lokal bevisstheit om natur, miljø og forureining
- Motorferdsel i utmark

Utviklingsmål (4-års perspektiv 2022-2024)

- Utarbeide kommunedelplan for energi og klima
- Tilsyn

Handlingsplan 2021

- Lage retningsliner for handtering av nye reglar for motorferdsel i utmark
- Oppretthalde ordninga for skotpremie
- Betre utstyret til fallviltgruppa, mellom anna med termetiske kikkert

10.15 Ansvar 470; Vegar og gatelys

Status og utviklingstrekk

- Fylket presser på for å overføre ansvaret til kommunen for ein del vegar
- Har pr no rimelig god standard på dei kommunale vegane

Utfordringar og mogligheiter

- Kryssing av vegen til dagligvarebutikken i Vang og planløsning parkering m.v. ved Fredheim barnehage
- Legging av meir fast dekke på kommunale vegar som i dag har grusdekke

Utviklingsmål (4-års perspektiv 2022-2024)

- Betre skilting av VBU frå E16
- Vurdere om Skøriskakken kan overførast til kommunen
- Gjennomføre endra plan for området ved Fredheim barnehage og dagligvarebutikken
- Reasfaltering av kommunale bustadfelt (Mjøsvang og Ryfoss)

Handlingsplan 2021

- Fylje planer for opprusting av kommunale vegar
- Kjøpe ny traktor
- Ruste opp veg og gangveg til VBU
- Bidra til etablering av ladepunkt for el-bil
- Registrering av stikkrenner og sjekke behov for utskifting
- Brukontroll

10.16 Ansvar 480; Valdres-GIS

Vang kommune er vertskap for GIS-samarbeidet i Valdres.

Status og utviklingstrekk

- Auka fokus på å digitalisere og etablere sjølvbetjenings-/innsyns løysingar for publikum. Dette stiller større krav til systemintegrasjonar (både på tvers av fagfelt og systemleverandørar) og ikkje minst datakvalitet. Kan utløyse behov for større investeringar
- Sentral lagring av grunnkartdata (FKB-data) og behov for å synkronisere plandata, stiller strenge tekniske krav til datainnhald, med påfølgjande auka krav om kompetanse og tidsbruk for saksbehandlarar som er ansvarlege for å halde à jour og registrere data

Utfordringar og moglegheiter

- For alle fagfelt med faggrupper i VGIS, er det auka lovkrav til saksutgreiingar og dokumentasjon, utan at dette avspeglast i faktisk tilgjengelege ressursar. Dette kan føre til forseinka- og eventuelt manglar i kartdatabasane. I kombinasjon med endra rutinar for forvaltning ved innføring av SFKB og GeoSynk-plan, kan tilstrekkeleg kompetansenivå for den enkelte saksbehandlar bli ei utfordring
- Det har vore ein del utskiftingar av personell innanfor fagfeltet plan dei seinare åra. Dette er utfordrande for kontinuiteten i det planfaglege i Valdres og innhaldet i kommunanes planregister
- Å digitalisere og effektivisere tenester stiller stadig større krav til kommunane; datakvalitet, dataflyt, aukande grad av sjølvbetjening for publikum og bestillerkompetanse. Det er krevjande med oppfylgning av nye standardar, sentrale føringar, integrasjonar mv.
- Ein heilskapleg strategi for å digitalisere tenester, vil vere eit godt bidrag til å sjå på kva tenesteområder som kan effektiviserast gjennom digitale løysingar for sjølvbetjening

Utviklingsmål (4-års perspektiv 2022-2024)

- Etablert gode rutinebeskrivingar for å halde à jour alle kartdatabaser kommunane er ansvarleg for å halde à jour
